Seljord kommune

Møteinnkalling

Til medlemene i Kommunestyret

Det vert med dette kalla inn til / gjort kjent med møte i Kommunestyret

Møtestad: Møterom, Borgen

Dato: 23.04.2009
Tid: 18:00

Dersom De ikkje kan møte, ber ein om at De melder frå til sentralbordet snarast råd.

- Orientering om felles grafisk profilering for Vest-Telemark v/prosjektleiar Ole Dahl.
- Orientering om Seljord og sogene v/plan- og næringssjef Harriet Slaaen.
- Drøftingssak – Skulestrukturen.

For leiar

Inger J. U. Kåsa

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka
	Referatsaker	
RS 1/09	Opprusting og nybygg Heddeli barnehage - finansiering	
RS 2/09	Barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark. Delegering av mynde.	
RS 3/09	Revisjonsmelding for Seljord kommunes rekneskap 2008	
	Saker til handsaming	
PS 18/09	Felles grafisk profilering for Vest-Telemark.	
PS 19/09	Årsmelding for Kontrollutvalet i Seljord kommune 2008	
PS 20/09	Plan for Selskapskontroll - Seljord kommune, 2008 - 2011	
PS 21/09	Strategisk næringsplan for Seljord kommune 2009 - 2012, godkjenning av høyringsutkast til offentleg ettersyn	
PS 22/09	Val av representant til styret i Vest-Telemark Kraftlag AS.	
PS 23/09	Val til styret for stiftinga Seljordutstillinga Dyrsku'n	
PS 24/09	Auka assistentbehov i skule og barnehage	X

Referatsaker

RS 1/09 Opprusting og nybygg Heddeli barnehage - finansiering

RS 2/09 Barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark. Delegering av mynde.

RS 3/09 Revisjonsmelding for Seljord kommunes rekneskap 2008

Saker til handsaming

Saker til handsaming

Seljord kommune

Arkiv:	005
Saksnr.:	2009/315-1
Sakshand.:	Kristian Torp-Hansen
Direkte tlf.:	35065103
Dato:	04.04.2009

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	18/09	23.04.2009

Felles grafisk profilering for Vest-Telemark.

Saksdokument: Strategisk næringsplan for Vest-Telemark 2007 – 2010.
Framlegg til profilar.

Saksutgreiing:

I "Strategisk næringsplan for Vest-Telemark 2007 – 2010" står det i tiltaksområde 1 Marknadsføring og rekruttering: *"Profileringstiltak for å gjere regionen kjent på ein positiv måte og at bustad, fritid, jobbtilbod vert gjort kjent for aktuelle søkjarar til Vest-Telemark gjennom bruk av strategiske marknadskanalar."*
Tiltak 1.1 *"Informasjon om Vest-Telemark som den gode plass for busetting, arbeid og opplevingar."*
Som ei oppfyljing av tiltak 1.1 har Vest-Telemark Næringsutvikling sett i gang omdømeprosjektet "Gjetord". Ein viktig del av prosjektet "Gjetord" er utarbeiding av framlegg til ein felles profil/identitet for eit samla Vest-Telemark.

Framlegget til felles grafisk profil vart presenteret av prosjektleiar Ole Dalen for Vest-Telemarkrådet på møtet 17. mars d.å.
Vest-Telemarkrådet gjorde fylgjande vedtak: *"Forslag til felles profil for Vest-Telemark blir å sende tilkvar enkelt kommune for nærare handsaming. Vest-Telemarkrådet legg til grunn at kommunane inviterer prosjektleiar til å orientere nærare om forslaget. Ein vil be om rask handsaming og tilbakemelding med tanke på endeleg handsaming i rådsmøtet i mai."*

Som vedlegg til saka ligg framlegg til ein felles logo/profil for Vest-Telemark.

Rådmannen er svært skeptisk til ein eigen profil/logo for Vest-Telemark. Ved profilering av Vest-Telemark bør dei 6 kommunane sine kommunevåpen nyttast, ikkje eit eige symbol for ein region som dei færraste i landet veit kva omfattar. Eg trur ikkje geografikunnskapen er så god at mange veit kva Vest-Telemark omfattar.
At Vest-Telemarkrådet kan ha behov for eit symbol er mogeleg, men då bør og dei deltakande kommunane sine kommunevåpen koma fram.

Utskrift til:

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:

Seljord kommune er svært skeptisk til ein felles profil for Vest-Telemark.
Seljord kommune meiner kommunane sine kommunevåpen må nyttast/koma fram i profilering av regionen.

Seljord kommune

Arkiv:	033
Saksnr.:	2009/180-1
Sakshand.:	Øystein Bergh
Direkte tlf.:	
Dato:	23.02.2009

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kontrollutval	4/09	27.02.2009
Kommunestyret	19/09	23.04.2009

Årsmelding for Kontrollutvalet i Seljord kommune 2008

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Kontrollutvalet har utarbeid årsmelding for året 2008 om si verksemd.
Årsmelinga leggjast fram for kommunestyret til godkjenning.

Tilråding:

Kontrollutvalet tilrår kommunestyret:
Kommunestyret godkjenner Årsmelding 2008 frå kontrollutvalet.

Handsaming i Kontrollutval - 27.02.2009

Årsmeldinga vart gått igjennom. Merknadar og kommentarar som kom i møtet, vert innarbeida i årsmeldinga.

Årsmeldinga med endringar vart godkjent for framlegging for kommunestyret.

Vedtak i Kontrollutval - 27.02.2009

Kontrollutvalet tilrår kommunestyret:
Kommunestyret godkjenner Årsmelding 2008 frå kontrollutvalet.

Til kommunestyret i Seljord kommune

ÅRSMELDING 2008

FRÅ

KONTROLLUTVALET

I

SELJORD KOMMUNE

0 INNLEIING

Kontrollutvalet si årsmelding er ei melding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er teke opp i 2008.

1 KONTROLLUTVALET SITT FØREMÅL

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (finansiell revisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (selskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen av kommunen fungerar på ein betryggande måte (jfr. Kommunelova § 77 og forskrift om kontrollutval av 15. juni 2004).

2 KONTROLLUTVALET SI SAMANSETNING

Medlemmer og varamedlemmer i kontrollutvalet vert valde av kommunestyret for fire år, og fylgjande personar er valde for denne perioden:

Navn	Funksjon		Navn	Varamedlem
Svein Forberg Liane (Ap)	leiar		Trygve Aasan (Ap)	1
Inger Lognvik (Ap)	nestleiar		Mette Aanderaa (Sp)	2
Per Arne Velten (H)	medlem		Aud Kvaale (V)	1

3 KONTROLLUTVALET SI ARBEIDSFORM

Kontrollutvalet har i 2008 hatt totalt 5 møter, og handsama 20 saker.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Rådmannen/administrasjonen har ikkje møterett, men vert innkalla når det er ønskjeleg.

Ordførar har delteke på 2 møter i 2008. Rådmannen har vore i 3 møter. I tillegg har administrasjonen delteke. Revisor har vore på 4 møter.

Av sakene var det eit møte for å følgje opp saka om forsikring og meklarverksemd. Til eit møte var utvalet ikkje vedtaksfør og det vart då kalla inn på nytt (dette er ikkje rekna med i overnemde møtetal). Utvalet sine møter vert halde som lukka møter, jfr. Forskrift om kontrollutval § 19. Sekretærfunksjonen for kontrollutvalet vert utført av Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS v/ Øystein Bergh.

Oppdragsrevisor har i 2008 vert Britt Kristin Gravalid frå Telemark kommunerevisjon IKS.

4 KONTROLLUTVALET SINE OPPGÅVER

Kontrollutvalet sine oppgåver går fram av forskrift om kontrollutval § 13 og kommentarane nedanfor er knytt opp til dei enkelte punkt i denne paragrafen.

4.1 TILSYN MED REVISJONEN

Kontrollutvalet har gjennom året halde seg orientert om revisjonen si verksemd og arbeid. Oppfylging av revisjonen sitt arbeid gjeng føre seg ved munnlege og skriftlege orienteringar i kontrollutvalsmøtene.
Dei saker som skal leggast fram for kontrollutvalet, i samsvar med lov og forskrift, er handsama i utvalet. Dessutan dei sakene som utvalet sjølv vel å ta opp.

4.2 TILSYN MED FORVALTNINGA

Kontrollutvalet har på grunnlag av revisjonen sine rapporteringar og anna informasjon ført tilsyn med den kommunale forvaltningen og selskap kommunen har eigardelar i.
Rådmann og økonomisjefen møtte under handsaming av kommunen sitt rekneskap.
Følgjande har vore innkalla for å gi utgreiing om eige fagområde:

- Rådmannen orienterte utvalet om intern organisering av kommunen, leiing og drift.
- Leiar for brannberedsskapen i Seljord kommune, Knut Dyrland, har orientert utvalet om si verksemd og korleis oppgåvene er fordelt mellom kommunen og felles brannvesen.
- VTNU v/Svein Henriksen har orientert utvalet om ny anskaffing av forsikrings-meklar. Dette for å følgje opp forvaltningsprosjektet Forsikring og meklarverksemd. (Sak 11/08)

Liste over saker som er handsama i året ligg vedlagt.

4.3 RAPPORTERING AV SÆRSKILDE TILHØVE TIL KOMMUNESTYRET

Det er handsama rapport om: Evaluering av næringsplanen – Seljord kommune.

4.4 REKNESKAP (UTTALER / INNSTILLINGAR)

I samsvar med forskriftene har kontrollutvalet kome med uttale til kommunestyret for Seljord kommune sitt årsrekneskap.

4.5 OPPFØLGING AV POSTAR, DISPOSISJONAR M.V. FRÅ TIDLEGARE

Det er ingen postar, disposisjonar m.v frå tidlegare som ikkje er godkjent.

5 BRUK AV SAKKYNDIG BISTAND

Kontrollutvalet har nytta bistand frå Telemark kommunerevisjon IKS.

6 ANDRE TILHØVE

6.1 KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET

Ordførar er medlem av representantskapet for Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS

6.2 REVISJONEN

Ordførar er medlem av representantskapet for Telemark kommunerevisjon IKS.

6.3 FORUM FOR KONTROLLUTVAL

Kontrollutvalet er medlem i Forum for kontrollutval i Telemark.
Leiar er Bjørg Kyrkjebø Staaland frå kontrollutvalet i Telemark fylkeskommune.

6.4 KURS OG SAMLINGAR

Leiar av kontrollutvalet deltok på Vårkonferansen 2008 som Temark arrangert i Bø.

Seljord, 04.03.2008

.....	.....
Svein Forberg Liane	Øystein Bergh
leiar av kontrollutvalet	sekretær for kontrollutvalet

VEDLEGG 1

Kontrollutvalssaker Seljord kommune 2008

1 Protokoll frå møte 03.12.2007

2 Orientering om intern organisering av kommunen, leiing og drift

3 Årsmelding 2008 frå kontrollutvalet

4 Strategidokument for kontrollutvalet I Seljord kommune

5 Aktuelle saker 04.03.2008

6 Opne eller lukka møter i kontrollutvalet

7 Protokoll frå møte 04.03.2008

8 Plan for forvaltningsrevisjon

9 Seljord kommune 2007 Årsrekneskap

10 Aktuelle saker 28.05.2008

11 Forsikring og meklarverksemd - oppfølging

12 Orientering om brannberedskapen I Seljord

13 Orientering frå revisor

14 Plan for selskapskontroll 2008 - 2011

15 Budsjett 2009 for kontrollutvalet

16 Aktuelle saker 07.10.2008

17 Rapport: Evaluering av næringsplanen – Seljord kommune

18 Plan for selskapskontroll 2008 - 2011

19 Møte og arbeidsplan for kontrollutvalet 2009

20 Aktuelle saker 27.11.2008

Seljord kommune

Arkiv:	033
Saksnr.:	2008/879-1
Sakshand.:	Øystein Bergh
Direkte tlf.:	
Dato:	30.10.2008

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kontrollutval	14/08	17.10.2008
Kommunestyret	46/08	06.11.2008
Kontrollutval	2/09	27.02.2009
Kommunestyret	20/09	23.04.2009

Plan for Selskapskontroll - Seljord kommune, 2008 - 2011

Saksdokument:

1. Plan for selskapskontroll utarbeidet av Telemark kommunerevisjon IKS – 2005 – 2007. (ikkje vedlagt, delt ut tidligere)
2. Plan for Selskapskontroll – Seljord kommune 2008 – 2011, utarbeidd av Telemark kommunerevisjon IKS, februar 2009.
3. Rettningslinjer

Saksutgreiing:

Plan for selskapskontroll 2008 - 2011 har vore lagt fram for kommunestyret tidlegare. Planen vart sendt attende til utvalet, og kommunestyret ba om meir informasjon. Kontrollutvalet har engasjert Telemark kommunerevisjon IKS som har utarbeid vedlagte plan.

Kommunane har i lang tid nytta seg av fristilte organisasjonsmodellar som aksjeselskap, stiftingar og liknande. Denne utviklinga har ført til ei meir kompleks og oppdela organisering av den kommunale verksemda. Dette inneber utfordringar for kommunestyret når det gjeld styring, og det reiser spørsmål knytt til tilsyn og kontroll. Når ei oppgåve som tidlegare har ligge innafor forvaltinga vert organisert inn i eit eige selskap, bør ikkje oppfølginga frå kontroll- og tilsynsorgana i kommunen bli mindre. Behovet for oppfølging og koordinering kan tvert imot vere aukande når verksemda ligg utanfor kommunestyret sitt mynde for å gje instruksjonar.
Telemark kommunerevisjon IKS har fått i oppdrag av kontrollutvalet i Seljord kommune å utarbeide ein plan for selskapskontroll. Planen dekker valperioden 2008 - 2011.
Kontrollutvalet
blei i førre valperiode delegert mynde til å foreta endringar i plan for selskapskontroll.

Føremål

Føremålet med selskapskontrollen kjem fram av § 14 i forskrift om kontrollutval:

> *Kontrollutvalget skal påse at det gjennomføres kontroll med forvaltningen av eierinteressene i de selskaper som er omfattet av slik kontroll, herunder å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper gjør dette i samsvar med kommunestyrets/fylkestingets vedtak og forutsetninger (eierskapskontroll). Selskapskontrollen kan også omfatte forvaltningsrevisjon, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner kap. 3.*

Kommunen ynskjer med selskapskontrollen primært å ivareta følgjande føremål:

1. Sikre at lovar og reglar som gjeld innafor den aktuelle organisasjonsforma og verksemda vert følgd. I tillegg til etterleving av selskapslovgjevinga ser ein det som særleg viktig å sikre at lov om offentlege anskaffingar vert følgd. Vidare er det viktig å kontrollere arbeidsmiljø og miljøvernlovgjevinga sine reglar i verksemder som er kommunalt eigd.

2. Kontrollere om den som utøver kommunen si eigarinteresse utøver mynde i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader, og slik som fastset i lov for den aktuelle verksemda.

3. Ei bevisst haldning om det kommunen ynskjer å oppnå ved å etablere verksemder, eller ved å erverve eller eige eigardelar i verksemder, aleine eller saman med andre eigarar/deltakarar.

4. Vurdere økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader i selskap der dette vert vedteke særskild (forvaltningsrevisjon).

Ein del av kontrollen vil vere å sjå etter om kommunen har rutinar eller retningsliner for å følgje opp eigarinteressene. Selskapskontrollen grip rett inn i adferda sentrale politikarar syner i sine verv, og difor er det ein klar fordel at kommunen har utarbeidd retningsliner for utøving av eigarinteressene.

Det høyrer til kontrollutvalet i kvart enkelt tilfelle, innafor rammer gjeve av lovgjeving og forskrifter, å avgjere kva slags metodar, problemstillingar og kriterium som skal nyttast i selskapskontrollen. Dette må tilpassast selskapet som skal kontrollerast.

Former for eigarskaps- og selskapskontroll

I samsvar med kommunelova § 77 nr. 5 skal kontrollutvalet *"påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens (…) interesser i selskaper m.m."*.

Ein skiljer mellom tre variantar.
a) Obligatorisk eigarskapskontroll
b) Obligatorisk selskapskontroll
c) Valfri selskapskontroll som forvaltningsrevisjon

Tilråding:

1. Plan for selskapskontroll for Seljord kommune 2008 – 2011 vert godkjent.
2. Kontrollutvalet har ingen planlagde selskapskontroller i 2009.

3. Kontrollutvalet får fullmakt til å foreta endringar i planen i perioden. Endringar skal rapporterast til kommunestyret i kontrollutvalet si årsmelding.

Saksprotokoll i Kontrollutval - 17.10.2008

Sekretær presenterte saka.

Vedtak

1. Kommunestyret godkjenner plan for selskapskontroll av Seljord kommune sine interesser i selskaper m.m. for perioden 2008 – 2011.

2. Retningslinjer for selskapskontroll vert godkjent.

3. Fører endringar i planen til auke av den økonomiske budsjettrammen, må kommunestyret godkjenne dette.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 06.11.2008

Ordførar Solveig Sundbø Abrahamsen, H gjorde framlegg om å utsetje saka til den på nytt er handsama i kontrollutvalet.

Vedtak

Saka blir utsett til den er handsama i kontrollutvalet.

Handsaming i Kontrollutval - 27.02.2009

Plan frå Telemar kommunerevisjon IKS vart presentert.

Vedtak i Kontrollutval - 27.02.2009

1. Plan for selskapskontroll for Seljord kommune 2008 – 2011 vert godkjent.
2. Kontrollutvalet har ingen planlagde selskapskontroller i 2009.
3. Kontrollutvalet får fullmakt til å foreta endringar i planen i perioden. Endringar skal rapporterast til kommunestyret i kontrollutvalet si årsmelding.

PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL

SELJORD KOMMUNE

2008 – 2011

Planen er bygd opp av tidligere Plan for selskapskontroll som var utarbeidet av Telemark kommunerevisjon IKS.

Vedlagt følger ajourført vedlegg 2.

Vedlegg 2. Oversikt over og opplysningar om selskap som er omfatta av selskapskontroll

Aksjeselskap	*Kapital*	*Kontor-kommune*	*Oversikt over eigar andelar*	
Seljord Personal AS	Sum eigenkapital pr. 31.12.04 er på kr 885 000.	Seljord	Seljord kommune	100 %
Føremål: *Selskapet sitt formål er å drive virksomhet som kan føre til økning i sysselsetting av yrkesvalghemmede og mindre arbeidsføre.*				
Revisor: Revisorteam Vest Telemark AS				
Vest-Telemark kraftlag AS	Sum eigenkapital pr. 31.12.04 er kr 315 330 000.	Tokke	Fyresdal kommune Kviteseid kommune Nissedal kommune Seljord kommune Tokke kommune Vinje kommune	19 % 19 % 5 % 19 % 19 % 19 %
Føremål: *Utbygging og drift av energiforsyningsnett.* *Utbygging og drift av produksjonsanlegg for energi.* *Omsetning av energi.* *Installasjonsverksemd, teletenester o.l.* *Rådgjeving, konsulentverksemd, tenesteyting og anna verksemd som har tilknyting til dei nemde føremål.* *Desse arbeidsområda kan organiserast som dotterselskap.* *Selskapet kan også vera deltakar i andre selskap innanfor desse og tilgrensande område.*				
Revisor: Revisorteam Vest Telemark AS				
Vest-Telemark Kraftlag Installasjon AS	Aksjekapital kr 100 000,-.	Nissedal	Vest-Telemark Kraftlag AS	100 %
Føremål: *Elektrisk installasjonsverksemd, teletenestar, svakstraum og liknande, samt deltaking i selskap med liknande formål.*				
Revisor: Revisorteam Vest Telemark AS				

Interkommunale selskap	*Kapital*	*Kontor-kommune*	*Oversikt over eigar andelar*	
Barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark IKS	Sum eigenkapital pr. 31.12.04 er på kr 689 924.	Kviteseid	Fyresdal kommune Kviteseid kommune Nissedal kommune Seljord kommune	9 % 18 % 10 % 18 %

Føremål: *Utføre oppgåver som kommunane har etter Lov om barneverntenester av 17.7.1992.*	Vinje kommune Tokke kommune	28 % 17 %
Revisor: Telemark kommunerevisjon IKS		

Interkommunale selskap	***Kapital***	***Kontor-kommune***	***Oversikt over eigar-andelar***	
Renovest IKS	Sum eigenkapital pr. 31.12.04 var på kr 9 258 470.	Kviteseid	Vinje kommune Tokke kommune Seljord kommune Kviteseid kommune Fyresdal kommune	29,0 % 19,0 % 22,5 % 19,5 % 10,0 %
Føremål: *Føremålet til selskapet er å ta vare på alt avfall i regionen på ein miljømessig, teknisk og økonomisk forsvarleg måte ved at kommunane overfører dette ansvaret til selskapet. Selskapet skal* – *etablere, eige, og drive anlegg for mottak, handsaming og deponering av avfall i dei fem kommunane i samsvar med forureiningslov og konsesjonsvilkår* – *vere ansvarlig for innsamling, transport og handsam i avfallstyper etter lovverk og føresegner* – *ta seg av all innsamling og vidare handsaming av slam frå renseanlegg, septiktankar og lukka anlegg* – *drive informasjon, samordning, rådgjeving og tilrettelegging vedkommande avfallfallshåndtering.* *Selskapet kan ta på seg oppgåver for andre kundar enn eigarkommunane og kjøpe tenester knytt til drifta frå andre dersom dette er teneleg.* *Selskapet avgjer i kva grad drifta skal nytte eigne anlegg, utstyr og mannskap, eller ved leige-/ og/eller driftsavtaler med kommunar, verksemder eller personar.* *Representantskapen kan vedta at selskapet deltek i andre føretak dersom føretaket har avgrensa ansvar og dersom slik deltaking fremjar selskapet sitt føremål og kompetanse og/eller tek sikte på å gje tekniske/økonomiske og miljømessige driftsføremoner. For same føremål kan selskapet stifte dotterselskap som vert eigd fullt ut av RENOVEST.* *Kommunane skal samordne sine renovasjonsføresegner slik at dei vert like, og samsvarar med denne selskapsavtala.*				
Revisor: Telemark kommunerevisjon IKS				

Vest-Telemark pedagogiske psykologisk teneste PPT IKS	Sum eigenkapital pr. 31.12.04 er på kr 921 522,-	Kviteseid	Telemark fylkeskommune Fyresdal kommune Kviteseid kommune Nissedal kommune Seljord kommune Vinje kommune Tokke kommune	12 % 9 % 16 % 9 % 15 % 25 % 14 %
Føremål: *Tilretteleggje ei pedagogisk-psykologisk teneste i samsvar § 5-6 i Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova).*				
Revisor: Telemark kommunerevisjon IKS				
Telemark kontrollutvalgs-sekretariat IKS	Stifta i 2005 med kr 500 000 i innskoten selskapskapital	Bø	Bamble kommune Bø kommune Drangedal kommune Fyresdal kommune	6,5 % 3,8 % 3,6 % 2,4 %

Føremål: *Utføre lovpålagt sekretærfunksjon for deltakerne sine kontrollutvalg. Selskapet kan utføre tilsvarende oppgaver for andre som ønsker det.*	Kragerø kommune	5,7 %
	Kviteseid kommune	2,7 %
	Nissedal kommune	2,4 %
	Nome kommune	4,2 %
	Notodden kommune	6,1 %
	Porsgrunn kommune	12,2 %
	Sauherad kommune	3,6 %
	Seljord kommune	2,8 %
	Siljan kommune	2,6 %
	Skien kommune	16,4 %
	Tinn kommune	4,1 %
	Tokke kommune	2,6 %
	Vinje kommune	3,0 %
	Telemark fylkeskommune	15,4 %
Revisor: Buskerud kommunerevisjon IKS		

Interkommunale selskap	***Kapital***	***Kontor-kommune***	***Oversikt over eigar andelar***	
Telemark kommunerevisjon IKS	Eigenkapital 1.1.05 er på kr 5 203 898	Skien	Bamble kommune	6,4 %
			Bø kommune	2,3 %
			Drangedal kommune	1,9 %
			Fyresdal kommune	0,6 %
			Hjartdal kommune	0,7 %
			Kragerø kommune	4,8 %
			Kviteseid kommune	1,2 %
			Nissedal kommune	0,7 %
			Nome kommune	3,0 %
			Notodden kommune	5,6 %
			Porsgrunn kommune	15,0 %
			Sauherad kommune	2,0 %
			Seljord kommune	1,3 %
			Siljan kommune	1,1 %
			Skien kommune	22,6 %
			Tinn kommune	3,0 %
			Tokke kommune	1,1 %
			Vinje kommune	1,7 %
			Telemark fylkeskommune	25,0 %
Føremål: *Telemark kommunerevisjon IKS skal utføre lovpålagte revisjonsoppgaver for deltakerne. Telemark kommunerevisjon IKS kan utføre andre revisjonsoppdrag og rådgivning for deltakerne. Telemark kommunerevisjon IKS kan utføre revisjonsoppdrag og rådgivning for andre selskap.*				
Revisor: Buskerud kommunerevisjon IKS				

Barnevernssamarbeidet i Vest Telemark IKS er planlagt å endre til ei ny organisering etter vertskommunemodellen.

I tillegg eig Seljord kommune ein mindre andel i Interkommunalt arkiv for Buskerud Vestfold og Telemark IKS.

Seljord kommune er og involvert i stiftingar:

- Seljordutstillinga dyrsku'n med aksjeselskapet Dyrskun Arrangement as
- Stiftinga Myklestoga

Seljord kommune betaler ca kr 100 000 pr år til Vest-Telemark museum for Myklestoga.

Nedenfor er note 5 frå regnskapet 2007. Det syner aksjer og andelar som kommunen eig.

Note 5 Aksjar og andelar som er førde opp som anleggsmidlar

Verksemdas namn	Antal	Pålydande	Balanseført verdi	Eigarandel i verksemda
Attføringssenteret i Rauland A/S	2 aksjar	500,00	1 000,00	0,10 %
Biblioteksentralen, A/L	3 andelsbrev	300,00	900,00	0,08 %
Dag og Tid AS	2 aksjar	100,00	200,00	
Granvin Kulturhus BA	2050 lutar	1 000,00	2 050 000,00	24,87 %
Haukelivegen A/S	10 aksjar	1 000,00	10 000,00	3,57 %
Hjalarhornet, L/L	20 lutar	500,00	10 000,00	
KLP. Fellesordninga	Eigenkap.innskot		2 235 493,00	
KLP. Sjukepleiarordninga	Eigenkap.innskot		420 340,00	0,06 %
Kommunekraft A/S	1 aksje	1 000,00	1 000,00	0,31 %
Kulturlandskapssenteret AS	4 aksjar	2 500,00	10 000,00	
Møtestad Seljord AS	40 aksjar	1 000,00/2 500,00	100 000,00	40,00 %
Norsk Bane AS	72 aksjar	1 000,00/1 030,00	74 160,00	0,85 %
Renovest IKS	Innskotsplikt		2 250 000,00	22,50 %
Seljord Personal AS	100 aksjar	1 000,00	100 000,00	100,00 %
Telemark Bilruter AS	60 aksjar	200,00	12 000,00	
Telemark Bilruter AS	150 aksjar	6 000,00	900 000,00	2,87 %
Telemark Bilruter AS	100 aksjar	3 000,00	300 000,00	
Telemark Interkommunale Næringsfond	Andel av fond		31 000,00	0,58 %
Telemark Kommunerevisjon IKS	Andel selskapskap.		13 285,00	1,11 %
Telemark Kontrollutvalgssekretariat IKS	Andel driftsfond		13 500,00	2,70 %
Telemarksbakken	1 lut	500,00	500,00	
Telemarkreiser AL	10 andelar	1 000,00	10 000,00	1,05 %
Vest-Telemark Kraftlag AS	19 000 aksjar	1 000,00	19 000 000,00	19,00 %
Vest-Telemark Blad, AS	320 aksjar	100,00	32 000,00	6,99 %
Vest-Telemark Næringsbygg AS	371 A1-aksjar	1,00	371,00	
Vest-Telemark Næringsbygg AS	650 A2-aksjar	1 000,00	650 000,00	9,10 %
Åmotsdal Grendehus L/L	50 lutar	1 000,00	50 000,00	28,33 %
Sum			**28 275 749,00**	

I tillegg har Seljord kommune andelar i:

Barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark IKS (18,00 %).

Vest-Telemark Pedagogisk Psykologisk Teneste PPT IKS (15,00 %).

Interkommunalt arkiv for Buskerud Vestfold og Telemark IKS (IKA Kongsberg) (1,33%).

I desse verksemdene er det ikkje skote inn eigarkapital/aksjekapital (men det vert overført årlege driftstilskot).

Prioritering

Etter forskriften § 13 annet ledd skal kontrollutvalet *"minst èn gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll"*.

Det er kommunestyret som vedtar planen. Same forskriftsparagraf tredje ledd bestemmer at det er kontrollutvalet som avgjer kven som skal gjennomføre selskapskontrollen.
Ved prioritering av selskap for selskapskontroll anbefaler ein at det vert gjort etter fastsatte kriterier.

Relevante kriterier i prioritert rekkefølge kan for eksempel være:
- Selskap som gir eit direkte tjenestetilbod til kommunen sine innbyggjarar
- Selskap som har eit samfunnsmessig ansvar.
- Selskap som er heileid av kommunen.

- Selskap der kommunen har betydelege eigarinteresser; i antall aksjar eller andelar.
Deisse kriteria er basert på to hensyn – fokus på brukerparspektivet og fokus på økonomiske eigarinteresser. Dette er hensyn som harmonerer med KRD sine merknader til forskriftsparagrafane om selskapskontroll.

Eventuell forvaltningsrevisjon i selskapet må kontrollutvalet vurdere etter at selskapskontroll er gjennomført og/eller der analyser eller andre indikasjoner syner at dette kan være aktuelt. I så tilfelle vil plan for forvaltningsrevisjon måtte revurderes/endras. I selskap hvor det er fleire kommunar som er eigarar, kan det være hensiktsmessig at selskapskontrollen vert samordna gjennom avtale mellom eigarane. Initiativet til å få til ein slik avtale bør kontrollutvalet i kontorkommunen gjere.

Med bakgrunn i kriteriene foreslår ein at det i inneværande planperiode skal gjennomføre selskapskontroll i følgjende selskap:

1.
2.

Kontrollutvalet skal i tillegg til å gjennomføre selskapskontroll, påse at kommunen fører kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskaper m.m. (obligatorisk eierskapskontroll, jf. pkt. 3 a)).

Avslutning

Med det nye regelverket om selskapskontroll sikrar ein dei folkevalgte betre tilsyn og kontroll med den delen av den kommunale verksemda som er organisert som interkommunale selskaper eller aksjeselskaper. Men kontroll og tilsyn er ikkje berre spørsmål om behov og moglegheit, men også om kontrollvilje. Avgjerande for om kommunen har tilfredsstillande kontroll og tilsyn med sine fristilte verksemder vil til syvende og sist vere om det er politisk vilje til kontroll med verksemdene. I dette ligg at det vert stilt midlar til disposisjon for kontrollutvalet for å gjennomføre selskapskontroll.

Kommunestyret, som øverste ansvarlege organ i kommunen, bør og jevnleg vurdere om valgt organisasjonsform er egna til å fremme dei mål og verdiar som er satt. Det er samtidig viktig å ha fokus på å tydeleggjere eigarskapskontrollen og ha tilfredsstillande retningsliner og rutinar for eigarstyring og -kontroll.

Vedlegg 1: Retningsliner for selskapskontroll i Seljord kommune

1. Virkefelt
Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m.

Selskapskontroll kan setjast i verk i interkommunale selskap og i aksjeselskap der Seljord kommune aleine eller saman med andre kommunar eller fylkeskommunar eig alle aksjar eller andelar, og i heileigde dotterselskap av slike selskap.

2. Innhaldet i selskapskontrollen
Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å definere innhaldet i og omfanget av selskapskontroll som skal setjast i verk på vegne av Seljord kommune.

Selskapskontroll skal bestå av:

> **Eigarskapskontroll,** som omfattar kontroll med forvaltninga av eigarinteresser i selskap, mellom anna å kontrollere om den som utøvar kommunen sine eigarinteresser i selskap gjer dette i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

Selskapskontroll kan og bestå av:

> **Forvaltningsrevisjon** jamfør kommunelova § 77 nr. 4, det vil seie systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

3. Plan for selskapskontroll
Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeide ein plan for gjennomføring av selskapskontroll. I planen skal ein vurdere aktuelle selskap med tanke på gjennomføring av selskapskontroll, og kva slags omfang selskapskontrollen skal ha.

Kommunestyret skal vedta planen.

Kommunestyret delegerer mynde til å gjere endringar i planen i planperioden til kontrollutvalet.

4. Innhenting av opplysningar
Kontrollutvalet eller den som utøvar selskapskontroll på vegner av kontrollutvalet, kan innhente alle opplysningar som vert sett på som naudsynte for gjennomføring av kontrollen i det enkelte selskap.

Kontrollutvalet skal jevnleg kvart år hente inn følgjande dokument som eit ledd i eigarskaps-kontroll av selskapet:

- årsrekneskap med noter
- årsmelding

- revisjonsmelding
- nummererte brev frå revisor
- møteinnkallingar samt protokollar frå generalforsamling / representantskap og styremøte

5. Møterett i selskapsorgan
Kontrollutvalet og kommunen sin revisor skal få varsel om og har rett til å vere tilstades på selskapet si generalforsamling/ representantskap.

6. Gjennomføring av selskapskontroll
Kontrollutvalet avgjer sjølv kven som skal utføre selskapskontroll på deira vegner.

7. Rapportering
Når selskapskontroll er gjennomført skal denne rapporterast fortløpande til kontrollutvalet. Visst kontrollutvalet eit år vel og berre ha ein gjennomgang av innsendte dokument, vert det vurdert som tilstrekkeleg at det vert gjeve ein samla rapport ein gong i året.

Kontrollutvalet skal minst ein gong i året rapportere til kommunestyret om gjennomført selskapskontroll, og elles når kontrollutvalet meiner det er naudsynt.

Selskap som vert kontrollert og dei som utøvar kommunen sin eigarfunksjon i slike skal alltid få høve til å uttale seg om innhaldet i rapporten. Eventuelle kommentarar skal innarbeidast i den endelege rapporten.


Rapporteringa skal ha ei form og eit innhald som syner alle relevante forhold.

TELEMARK
KOMMUNEREVISJON IKS

PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL

SELJORD KOMMUNE

2008 – 2011



Innhald

1. Bakgrunn **3**
2. Føremål **3**
3. Former for eigarskaps- og selskapskontroll **4**
a) Obligatorisk eigarskapskontroll 4
b) Obligatorisk selskapskontroll 4
c) Valfri selskapskontroll som forvaltningsrevisjon 5
4. Oversikt over kommunen sine eigarinteresser i selskap **5**
4.1 Selskap som vert omfatta av selskapskontroll med full innsynsrett 5
4.2 Selskap som vert omfatta av eigarskapskontroll med avgrensa innsynsrett 7
5. Prioriteringar i denne planperioden **7**
6. Avslutning **8**
Kjelder **9**

Plan for selskapskontroll er laga av:
Telemark kommunerevisjon IKS

Utarbeidd av Berit M. Dalvik
Ferdigstilt februar 2009

1. Bakgrunn

Kommunane har i lang tid nytta seg av fristilte organisasjonsmodellar som aksjeselskap, stiftingar og liknande. Denne utviklinga har ført til ei meir kompleks og oppdela organisering av den kommunale verksemda. Dette inneber utfordringar for kommunestyret når det gjeld styring, og det reiser spørsmål knytt til tilsyn og kontroll. Når ei oppgåve som tidlegare har ligge innafor forvaltinga vert organisert inn i eit eige selskap, bør ikkje oppfølginga frå kontroll- og tilsynsorgana i kommunen bli mindre. Behovet for oppfølging og koordinering kan tvert imot vere aukande når verksemda ligg utanfor kommunestyret/fylkestinget sitt mynde for å gje instruksjonar.

Bortsett frå i reine sitat, vil det vidare bli ei forenkla framstilling ved å nytte dei kommunale nemningane som fellesbegrep. Orda kommune og kommunestyre dekker da og høvesvis fylkeskommune og fylkesting.

Inntil ny aksjelov av 1997 tok til å gjelde 1.1.1999 kunne aksjeselskap der ein eller fleire kommunar hadde meir enn 50 % av røystene, velje kommune- eller fylkesrevisjonen som revisor. Dette vilkåret blei ikkje ført vidare i den nye aksjelova. På same måte gjorde ny revisorlov av 1999 det umogleg for kommunalt eigde aksjeselskap å velje kommunal- eller fylkeskommunal revisjon. Dette har ført til at kontrollutval og kommunal revisjon i perioden 1999- 2004 ikkje har hatt moglegheit for innsyn i kommunale aksjeselskap. Dette er nå endra ved dei nye føresegnene om selskapskontroll i kommunelova.

Telemark kommunerevisjon IKS har fått i oppdrag av kontrollutvalet i Seljord kommune å utarbeide ein plan for selskapskontroll. Planen dekker valperioden 2008 - 2011. Kontrollutvalet blei i førre valperiode delegert mynde til å foreta endringar i plan for selskapskontroll.

2. Føremål

Føremålet med selskapskontrollen kjem fram av § 14 i forskrift om kontrollutval:

> *Kontrollutvalget skal påse at det gjennomføres kontroll med forvaltningen av eierinteressene i de selskaper som er omfattet av slik kontroll, herunder å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper gjør dette i samsvar med kommunestyrets/fylkestingets vedtak og forutsetninger (eierskapskontroll).*
>
> *Selskapskontrollen kan også omfatte forvaltningsrevisjon, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner kap. 3.*

Kommunen ynskjer med selskapskontrollen primært å ivareta følgjande føremål:

1. Sikre at lovar og reglar som gjeld innafor den aktuelle organisasjonsforma og verksemda vert følgd. I tillegg til etterleving av selskapslovgjevinga ser vi det som særleg viktig å sikre at lov om offentlege anskaffingar vert følgd. Vidare er det viktig å kontrollere arbeidsmiljø- og miljøvernlovgjevinga sine reglar i verksemder som er kommunalt eigd.

2. Kontrollere om den som utøver kommunen si eigarinteresse utøver mynde i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader, og slik som fastset i lov for den aktuelle verksemda.

3. Ei bevisst haldning om det kommunen ynskjer å oppnå ved å etablere verksemder, eller ved å erverve eller eige eigardelar i verksemder, aleine eller saman med andre eigarar/deltakarar.

4. Vurdere økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader i selskap der dette vert vedteke særskild(forvaltningsrevisjon).

Ein del av kontrollen vil vere å sjå etter om kommunen har rutinar eller retningsliner for å følgje opp eigarinteressene.

Selskapskontrollen grip rett inn i adferda sentrale politikarar syner i sine verv, og difor er det ein klar fordel at kommunen har utarbeidd retningsliner for utøving av eigarinteressene.

Det høyrer til kontrollutvalet i kvart enkelt tilfelle, innafor rammer gjeve av lovgjeving og forskrifter, å avgjere kva slags metodar, problemstillingar og kriterium som skal nyttast i selskapskontrollen. Dette må tilpassast selskapet som skal kontrollerast. I vedlegg 1 fins døme på aktuelle problemstillingar.

3. Former for eigarskaps- og selskapskontroll

I samsvar med kommunelova § 77 nr. 5 skal kontrollutvalet *"påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens (...) interesser i selskaper m.m."*. Same setning er tatt inn i § 13 fyrste ledd i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Forskrifta § 13 må sjåast i samanheng med kommunelova § 80, som direkte regulerar innsynsretten kontrollutvalet og kommunen sin revisor har i selskap. Det kjem fram av § 80, 1. ledd, 1. setning at innsynsretten er avgrensa til interkommunale selskap og aksjeselskap *"der en kommune eller fylkeskommune alene eller sammen med andre kommuner eller fylkeskommuner eier alle aksjer, og i heleide datterselskaper til slike selskaper"*.

På grunn av innsynsretten vil det vere forskjell på korleis kontrollen kan utførast i kommunalt heileigde selskap og i selskap der det og er andre eigarar.

I forskrift om kontrollutval §§ 13, 14 og 15 nyttast begrepa eigarskaps- og selskapskontroll noko forvirrande om kvarandre. Inntil det som er uklart er avklara, baserar vi oss på tolkinga i boka "Tilsyn og revisjon i kommunal sektor"[1]. Ulikskapar i vilkåra gjer det naudsynt å skilje mellom tre variantar.

a) Obligatorisk eigarskapskontroll

Kontrollutvalet skal sjå til at det førast kontroll med forvaltinga av kommunen sine interesser i selskap m.m. (koml § 77 nr. 5). Med dette vilkåret er kontrollutvalet pålagt **å føre tilsyn med** at kommunen sjølv fører tilsyn med eigne eigarinteresser. Dette omfattar ein større krets av selskap og verksemder enn selskapskontrollen, men gjeld og selskap som omfattast av selskapskontroll.

b) Obligatorisk selskapskontroll

Kommunelova § 80 regulerar kven selskapskontrollen kan rettast mot og tilhøva knytt til innsynsretten. Selskapskontroll er med andre ord noko meir enn eigarskapskontroll, som berre omfattar å føre tilsyn med kommunen si forvalting av eigne interesser. Selskapskontroll legg til grunn ei meir aktiv utøving av tilsynet i høve til selskapa. Det er kontrollutvalet og revisor som sjølv bestemmer kva slags informasjon dei ynskjer frå selskapa.

Den obligatoriske selskapskontrollen inneheld undersøkingar for å gje ei kvalifisera vurdering av forvaltinga av eigarinteressene. Den som utfører kontrollen bestemmer kva slags undersøkingar som er naudsynte.

[1] "Tilsyn og revisjon i kommunal sektor" av Bjørn Bråthen, Bernt Frydenberg og Ole Kristian Rogndokken, gjeve ut av NKRF 1 utgåve oktober 2007

c) Valfri selskapskontroll som forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjon er definert i kommunelova § 77 nr. 4 som systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader (kontroll av sjølve aktiviteten i selskapet). Forvaltningsrevisjon omfattar ikkje jamleg kontroll med forretningsmessige disposisjonar.

Det eksisterar ikkje noko krav om gjennomføring av forvaltningsrevisjon i kommunalt eigde selskap. Kommunen har likevel høve til å gjennomføre forvaltningsrevisjon. Dette kan takast inn i plan for selskapskontroll og/eller plan for forvaltningsrevisjon. Ein meiner at forvaltningsrevisjon er særleg aktuelt i selskap som produserar velferdstenester på vegne av kommunen.

Forvaltningsrevisjon skal utførast i samsvar med kapittel 3 i forskrift om revisjon og i samsvar med god kommunal revisjonsskikk. Her inngår mellom anna vurderingar av risiko og vesentlegheit som ein viktig del.

4. Oversikt over kommunen sine eigarinteresser i selskap

4.1 Selskap som vert omfatta av selskapskontroll med full innsynsrett

Kommunelova § 80 regulerar innsynsretten kontrollutvalet og kommunen sin revisor har i selskap. Innsynsretten er avgrensa til interkommunale selskap og aksjeselskap.

Ved utarbeiding av plan for selskapskontroll har Seljord kommune eigarinteresser i to aksjeselskap inkludert deira heileigde dotterselskap og i seks interkommunale selskap der innsynsretten etter § 80 gjeld, jf. oversikt nedanfor. Eit av dei interkommunale selskapa er vedtatt avvikla.

Selskap	*Total aksje/eigar-kapital*	*Kontor kommune*	*Eigarar og eigardelar*	
Vest-Telemark kraftlag AS *)	100 000 000 kr	Tokke	Seljord kommune Nissedal kommune Kviteseid kommune Fyresdal kommune Tokke kommune Vinje kommune	19 % 5 % 19 % 19 % 19 % 19 %
Føremål iht. vedtektene: Utbygging og drift av energiforsyningsnett. Utbygging og drift av produksjonsanlegg for energi. Omsetning av energi. Installasjonsverksemd, teletenester o.l. Rådgjeving, konsulentverksemd, tenesteyting og anna verksemd som har tilknyting til dei nemde føremål. Desse arbeidsområda kan organiserast som dotterselskap. Selskapet kan også vera deltakar i andre selskap innanfor desse og tilgrensande område.				
Seljord Personal AS*)	100 000 kr	Seljord	Seljord kommune	100 %
Føremål iht. vedtektene: Selskapet sitt formål er å drive virksomhet som kan føre til økning i sysselsetting av yrkesvalghemmede og mindre arbeidsføre.				

Selskap	*Total aksje/eigar-kapital*	*Kontor kommune*	*Eigarar og eigardelar*	
Vest-Telemark pedagogisk psykologisk teneste PPT IKS		Kviteseid	Seljord kommune Kviteseid kommune Nissedal kommune Telemark fylkeskommune Fyresdal kommune Vinje kommune Tokke kommune	15 % 16 % 9 % 12 % 9 % 25 % 14 %
Føremål iht. vedtektene: Tilretteleggje ei pedagogisk-psykologisk teneste i samsvar § 5-6 i Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova).				
Renovest IKS*)	10 000 000 kr	Kviteseid	Seljord kommune Kviteseid kommune Fyresdal kommune Vinje kommune Tokke kommune	22,5 % 19,5 % 10,0 % 29,0 % 19,0 %
Føremål iht. vedtektene: Føremålet til selskapet er å ta vare på alt avfall i regionen på ein miljømessig, teknisk og økonomisk forsvarleg måte ved at kommunane overfører dette ansvaret til selskapet. Selskapet skal - etablere, eige og drive anlegg for mottak, handsaming og deponering av avfall i dei fem kommunane i samsvar med forureiningslov og konsesjonsvilkår - vere ansvarleg for innsamling, transport og handsami avfallstyper etter lovverk og føresegner - ta seg av all innsamling og vidare handsaming av slam frå renseanlegg, septiktankar og lukka anlegg - drive informasjon, samordning, rådgjeving og tilrettelegging vedkommande avfallshåndtering. Selskapet kan ta på seg oppgåver for andre kundar enn eigarkommunane og kjøpe tenester knytt til drifta frå andre dersom dette er teneleg. Selskapet avgjer i kva grad drifta skal nytte eigne anlegg, utstyr og mannskap, eller ved leige-/ og/eller driftsavtaler med kommunar, verksemder eller personar. Representantskapen kan vedta at selskapet deltek i andre føretak dersom føretaket har avgrensa ansvar og dersom slik deltaking fremjar selskapet sitt føremål og kompetanse og/eller tek sikte på å gje tekniske/økonomiske og miljø- messige driftsføremoner. For same føremål kan selskapet stifte dotterselskap som vert eigd fullt ut av RENOVEST. Kommunane skal samordne sine renovasjonsføresegner slik at dei vert like, og samsvarar med denne selskapsavtala.				
Telemark kommunerevisjon IKS	1 198 500 kr	Skien	Seljord kommune Øvrige eierkommuner er: Larvik, Lardal, samtlige kommuner Telemark og Telemark fylkeskommune	1,11 %
Føremål iht. vedtektene: Telemark kommunerevisjon IKS skal utføre de lovpålagte revisjonsoppgaver for deltakerne. Telemark kommunerevisjon IKS kan utføre andre revisjonsoppdrag og rådgivning for deltakerne. Telemark kommunerevisjon IKS kan utføre revisjonsoppdrag og rådgivning for andre selskaper. Selskapet har ikke erverv til formål.				
Interkommunalt arkiv for Buskerud Vestfold og Telemark IKS	2 494 526 kr	Kongsberg	Seljord kommune Andre eigar er: 38 andre kommunar i Buskerud, Vestfold og Telemark	1,51 %
Føremål iht. vedtektene: Formålet med selskapet er å legge forholdene til rette for medlemmenes rasjonelle, funksjonsdyktige og effektive gjennomføring av arkivlovens intensjoner og bestemmelser. Selskapet skal kunne fungere som arkivdepot for deltakerne samt selge kompetanse og arkivtjenester til andre. Selskapet skal kunne motta, oppbevare og tilgjengeliggjøre privatarkiver fra deltakende medlemmer.				

Selskap	*Total aksje/eigar-kapital*	*Kontor kommune*	*Eigarar og eigardelar*	
Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS	500 000 kr	Bø	Seljord kommune Øvrige eierkommuner er: Telemark fylkeskommune og samtlige kommuner i Telemark unntatt Skien og Hjartdal	3,3 %
Føremål iht. vedtektene: Utføre den lovpålagte sekretærfunksjonen for deltakernes kontrollutvalg. Selskapet kan utføre tilsvarende oppgaver for andre bestillere.				
Barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark IKS **)		Kviteseid	Seljord kommune Kviteseid kommune Nissedal kommune Fyresdal kommune Vinje kommune Tokke kommune	18 % 18 % 10 % 9 % 28 % 17 %
Føremål iht. vedtektene: Utføre oppgåver som kommunane har etter Lov om barneverntenester av 17.7.1992				

*) Det blei i førre planperiode gjennomført selskapskontroll av dette selskapet

**) Seljord kommunestyre vedtok 18.12.08 i sak 052/08 å avvikle dette som eit IKS, og organisere det som vertskommunesamarbeid, med Kviteseid som vertskommune.

4.2 Selskap som vert omfatta av eigarskapskontroll med avgrensa innsynsrett

Kontrollutvalet si rolle i denne samanheng er å sjå til at kommunen fører tilsyn med eigarinteressene sine i selskap m.m. der dei ikkje har full innsynsrett, jf. avsnitt 3 a). Uttrykket *selskaper m.m.* omfattar alle privatrettslege organisasjonsformer kommunen kan drive verksemd i, både direkte og indirekte.

Ved utarbeiding av plan for selskapskontroll har Seljord kommune meir enn 5 % eigarinteresse eller meir enn 50 000 kr i aksjekapital i følgjande aksjeselskap der innsynsretten er avgrensa:

Selskap	*Total aksjekapital*	*Kontor kommune*	*Seljord kommune sin eigardel*
Møtestad Seljord AS	100 000 kr	Seljord	40,0 %
Norsk Bane AS	9 092 000 kr	Ålesund	0,8 %
Vest Telemark Blad AS	457 600 kr	Kviteseid	7,0 %
Vest Telemark Næringsbygg AS	5 096 124 kr	Kviteseid	9,1 %
Telemark Bilruter AS	2 160 600 kr	Seljord	2,9 %

5. Prioriteringar i denne planperioden

Etter forskrifta § 13 andre ledd skal kontrollutvalet *"minst èn gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll"*. Det er kommunestyret som vedtek planen. I § 13 tredje ledd står det at det er kontrollutvalet som bestemmer kven som skal gjennomføre selskapskontrollen.

Ved prioritering av selskap for selskapskontroll vert det tilrådd ei utveljing etter fastsette kriterium. Relevante kriterium i prioritera rekkefølgje kan til dømes vere:

- Selskap som gjev eit direkte tenestetilbod til innbyggarar i kommunen
- Selskap som har eit samfunnsmessig ansvar
- Selskap som er heileigd av kommunen
- Selskap der kommunen har vesentleg eigarinteresse; i tal på aksjar eller eigardelar

Desse kriteria er basert på to omsyn – fokus på brukarperspektivet og fokus på økonomiske eigarinteresser. Dette er tilhøve som stemmer overeins med KRD sine merknader til forskriftsparagrafane om selskapskontroll.

Eventuell forvaltningsrevisjon i selskapet vurderast av kontrollutvalet etter at selskapskontroll er gjennomført og/eller der analyser eller andre indikasjonar syner at dette kan vere aktuelt. I så fall må plan for forvaltningsrevisjon revurderast/endrast.

I selskap der fleire kommunar er eigarar, kan det vere formålstenleg at selskapskontrollen blir samordna gjennom avtale mellom eigarane. Initiativet til å få til ei slik avtale bør takast av kontrollutvalet i kontorkommunen. Seljord er kontorkommune for bare eit av selskapa i oversikten i pkt. 4.1, og i dette selskapet blei det gjennomført selskapskontroll i 2007.

Med bakgrunn i kriteria, og at ein i førre periode gjennomførte selskapskontroll av begge to aksjeselskapa og i eit av dei interkommunale selskapa, tilrår ein at det i inneverande planperiode ikkje i gang settes selskapskontroll.

Kontrollutvalet skal i tillegg til å gjennomføre selskapskontroll, sjå til at kommunen fører kontroll med forvaltinga av kommunen sine interesser i selskap m.m., jf. oversikt i pkt. 4.2 (obligatorisk eigarskapskontroll, jf. pkt. 3 a)).

6. Avslutning

Det nye regelverket om selskapskontroll sikrar dei folkevalde betre tilsyn og kontroll der delar av den kommunale verksemda er organisert som interkommunale selskap eller aksjeselskap. Men kontroll og tilsyn er ikkje bare eit spørsmål om behov og moglegheit, men og om kontrollvilje. Det avgjerande for om kommunen har tilfredsstillande kontroll og tilsyn med dei fristilte verksemder sine, vil vere om det er politisk vilje til kontroll av verksemdene. I dette ligg at det vert stilt midlar til disposisjon for kontrollutvalet for gjennomføring av selskapskontroll.

Kommunestyret, som øvste ansvarlege organ i kommunen, bør jamleg vurdere om valde organisasjonsformer er eigna til å fremje fastsette mål og verdiar. Det er samtidig viktig å ha fokus på tydeleggjering av eigarskapsrolla og ha tilfredsstillande retningsliner og rutinar for eigarstyring og -kontroll.

Kjelder

- Seljord kommune: *Årsrekneskapen for 2007 og rekneskapsopplysningar i 2007 og 2008*
- Brønnøysundregistrene (www.brreg.no), Purehelp.no AS (www.purehelp.no) og www.proff.no: *Opplysningar om selskapa*
- Bjørn Bråthen, Bernt Frydenberg og Ole Kristian Rogndokken: *Tilsyn og revisjon i kommunal sektor.* Norges Kommunerevisorforbund 2007
- Bodhild Laastad, Margunn Askeland Stormo: *Veileder for selskapskontroll.* Norges Kommunerevisorforbund 2005
- NKRFs kontrollutvalgskomite: *Info nr 1/2007.* Norges Kommunerevisorforbund
- Norges Kommunerevisorforbund: *Kommunerevisors håndbok 2007-2008*

Moglege problemstillingar ved selskapskontroll

Med bakgrunn i formålet med selskapskontrollen, *kan* følgjande problemstillingar vere aktuelle:

1. Har kommunen eit system for tilsyn og kontroll med forvaltinga av kommunen sine interesser i selskap m.m., mellom anna i selskap ABC?
2. Vert eigarinteressene i selskap ABC utøvd i samsvar med eigaren sine vedtak og føresetnader for forvaltinga av eigarinteressene, t.d. rapportering frå generalforsamlinga/representantskapet i selskapet til kommunen sine eigne politiske organ?
3. Mottek kommunestyret tilstrekkeleg og dekkande informasjon om selskap ABC?
4. Har kommunen etablert ein eigarstrategi for selskap ABC?
5. Vert selskap ABC drive i tråd med kommunestyret sine vedtak/intensjonar?
6. Vert selskap ABC drive i samsvar med gjeldande lovar, reglar og vedtekter for selskapet?
7. Utøver generalforsamlinga/representantskapet i selskap ABC mynde i tråd med lovar og reglar?
8. Har styret sørgja for ei forsvarleg forvalting av selskap ABC i tråd med lovar og reglar?
9. Vert avgjerder tatt av rett organ i selskap ABC og i kommunen?
10. Er det vedtatt/etablert rutinar for vurdering og godkjenning av vesentlege investeringar, endringar i selskapet sine aktivitetar og deltaking i andre selskap/samarbeidspartar?

Seljord kommune

Arkiv:	144
Saksnr.:	2008/92-8
Sakshand.:	Harriet Slaaen
Direkte tlf.:	35065152
Dato:	13.01.2009

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kultur- og næringsutval	4/09	21.01.2009
Kultur- og næringsutval	6/09	04.03.2009
Kommunestyret	21/09	23.04.2009

Strategisk næringsplan for Seljord kommune 2009 - 2012

Saksdokument:

Dette er ca. kostnadsrammer før pris er innhenta.

Inneheld: Planlegging, prosjektering, produksjon av formidlingsmateriell, skilt og møblar.

C. DYRSKUPLASSEN

BESKRIVELSE

Dyrskun Arrangement as arbeider med å utvikle seg til å bli ein aktiv bidragsytar for småskalamat-innovatørane i fylka, dvs. Telemark, Buskerud, Vestfold og Agder fylka, knytt til Dyrskuplassen. Der er bygd nytt, fullverdig produksjonskjøkken og kurs-/ konferanseavdeling.

Tanken er å hjelpe produsentane med produksjon, marknadsføring, grafisk design, handsaming av søknadar, embalering, merking, arrangere kurs og gje kompetanse.

Prosjektet skal vera med på å auke interessa for småskalamat i desse fylka, både hjå dagens produsentar, komande produsentar og forbrukarar. Seljord skal setjast på kartet som ein stad med mattradisjonar, historie og kvalitet.

Utvikle eigne Dyrsku produkt for vidaresal til forbrukarar.

Arbeidet med å styrke småskalaproduksjon rundt om i bygdene i regionen, er viktig for å oppretthalde busetjing og levande kulturlandskap. Dei fysiske rammene på Dyrskuplassen burde også avspegle denne viktige samanhengen.

Fysisk tilrettelegging

Eit av tiltaka i tilegg til å stimulere småskala produksjon vil vere å styrke kulturlandskapet på plassen. Det er eit ynskje å synleggjera det historiske landskapet med gravhaugane, småtuna, det gamle fjoset. Styrke grøne rammer og kulturlandskapet omkring Dyrskuplassen. Tiltak omkring det nye bygget for å få dette til å «høyre betre til» i anlegget. Arbeide med synlege identitetskapande tiltak. Kobling til turvegen.

Føredøme kan ligge i anlegg som t.d. Maihaugen på Lillehammer, som har arbeidd godt med landskap, vegetasjonsbruk, gamle hus, gjerdeløysingar, fysisk profilering m.m. Vest-Telemark Muséum sitt anlegg i Eidsborg er også eit fint døme.

Formidling, skilting og møblering

Tema: Seljord og Dyrsku´n

Formidle det historiske landskapet på plassen og som formidlar stemning og opplevingar knytt til Dyrsku´n og festivalane, før og nå. Setja Dyrskuplassen inn i den samanhengen han ynskjer å ha som formidlar og aktiv part i småskalaproduksjonsutviklinga.

Formidling av det historiske landskapet med skilt på utvalde stader. Skilttyper skal fylgje mal frå det overordna formidlingsprosjektet. Vegvisarar som knyter plassen til turvegen.

Opplevingar

Leggje tilrette for særlege opplevingspunkt som formidlar historien og aktiviteten knytt til plassen idag. Videre utvikle festivalane, dette ere it eige tiltak som festivalane arbeider med.

Tiltak

- Formidling og skilting.
- Fysisk tilrettelegging: kobling til turvegen.

Organisering

Småskalmat: Det er tilsett ein koordinator for prosjektet. Som medhjelpar har koordinatoren ein kokk, som har ansvaret for blant anna kursverksemd. Det er oppnemnt ei styringsgruppe for prosjektet som består av 9 personar med tilknyting til Innovasjon Norge, fylket, fylkesmannens landbruksavdeling, Tine, bondelaget, småskala næringa og DAAS.

Arbeidsgruppe for formidling og fysisk tilrettelegging: Oppretting av arbeidsgruppe i slutten av februar. Forslag: Arbeidsgruppe frå formidlingsprosjektet supplerast med representant(ar) frå styringsgruppa for småskalamat-prosjektet og representant frå Vest-Telemark Muséum.

Arbeidsgruppa skal sjå på korleis gamalt og nytt stoff kan nyttast/utviklast i formidling av Dyrskuplassen sin historie. Velje ut særlege opplevingspunkt for plassering av informasjon.

BUDSJETT OG FINANSIERING

Småskalamatprosjektet har eit eige budsjett med finansieringsplan.

Formidling, skilting og møblering er budsjettert inn under eige delprosjekt B.

Fysisk tilretteleggjing er budsjettert under Turvegen delprosjekt A.

D. GRANVIN

BESKRIVELSE

REGIONAL AKTØR

Granvin har status som regionalt kulturhus, og Seljord er på mange måtar eit sentrum i regionen. Det vil vere naturleg å arbeide med å synleggjera Granvin som regional aktør. Særleg med tanke på kulturtilbodet på kveldstid og i helger og i høve til kurs- og konferansedelen. For å lukkast med dette, må det arbeidast med betre marknadsføring, mellom anna med gode websider.

Granvin er ein viktig motor i dagleg kulturliv i Seljord, dette inkluderar idretten. Granvin er ein aktiv møteplass for lag og foreningar, for skulen og for kulturskulen. Granvin er seljordingane si storstoge. Her held hovuddelen av bygdi sine lokale kulturaktørar til;

- Ungdomslaget med songlag, leikaring, spelemannslag, teatergruppe.

- Idrettsalget med alle sine ulike undergrupper har stor glede av idrettshallen.

- Kulturskulen.

Denne posisjonen er det viktig å vedlikehalde og utvikle. Granvin er også ein god plass for kurs og konferansar, både når det gjeld lokalitetar og i høve til servering av mat.

Granvin har sjølve gjeve uttrykk for ynskje om å få til betre gangvegsamband mot skulen og Dyrskuplassen, utvikle det å vera eit kulturhus for regionen og betre marknadsføring av tilboda. Styrke drift og skape gode rammer om kulturliv og -hus er eit overordna mål.

FYSISK TILRETTELEGGING

Få etablert viktig gangakse mot ungdomsskulen og Kunstlåven.

Etablere logiske gangsamband mot Dyrskuplassen, Telesenteret, kommunehuset.

Avspegle i utforming av nybygg og uteområde at dette er kulturhuset som skal kunne samle heile bygdi til fest og forestillingar; inne eller ute.

Opparbeide området ved kulturhuset til ein sentrumspark for den nye delen av sentrum.

Knyte utforming til tema inspirert av Seljord sine segner, evt. landskapskunst i samarbeid med bygda sine kunstnarar. Leggje tilrette for fysiske aktivitetar også i uteområda.

FORMIDLING, SKILTING OG MØBLERING

Formidling av det som skjer her. Presentasjon av dei ulike laga og aktørane knytt til aktiviteten i huset. Skilttyper skal fylgje mal frå det overordna formidlingsprosjektet. Vegvisarar som knyter plassen til turvegen.

MARKNADSFØRING

Tema: Seljord og kulturlivet

Arbeide med innhaldet: Web. Formidling av det som skjer her. Presentasjon av dei ulike laga og aktørane knytt til aktiviteten i huset. Differensiering og segmentering av brukarar og publikum.

OPPLEVINGAR

Granvin har eit rikt opplevingstilbod med konsertar, teater, film, revy, idrettsarrangement, treningar, øvingar. Viktig både formell og uformell møtestad for unge og gamle.

TILTAK

- Fysisk tilretteleggjing.
- Skilting og møblering.
- Marknadsføring med web.

Milepelar: sjå eigen tiltakskalender.

ORGANISERING

Fysisk tilrettelegging: Granvin, representantar frå lag og foreningar, kunstnar, landskapsarkitekt.

Skilting og møblering: same som formidlingsdelen.

Marknadsføring med web.

BUDSJETT OG FINANSIERING

Fysisk tilrettelegging er budsjettert under Turveg, delprosjekt A.

E. OMRÅDET SKULEN OG KUNSTLÅVEN

BESKRIVELSE

Skuleområdet er ein viktig og svært synleg plass i sentrum. Gjennom medverknad frå ungdom og vaksne i sentrumssprosjektet har det kome ynskje og innspel om å ruste opp området og tilrettelegge det betre for fysisk aktivitet.

Som næraste nabo til skuleområdet ligg det ein kunstlåve som er eigd av Seljord kunstforening. Kunstlåven har i alt utstillingsflate på 1400 m2 fordelt på 13 større og mindre rom. Seljord Kunstforening er ei 40 år gamal forening som i tillegg til å eige eigen låve har opparbeidd seg ei kunstsamling til stor verdi; 700 verk. I mange år var Kunstforeninga sin aktivitet og alle utstillingar knytt til Seljord ungdomskule, både inne og ute. Idag er aktiviteten i Kunstforeninga fyrst og fremst

knytt til Kunstlåven med hovudvekt på Sommarutstillinga i juli/august. Sommarutstillinga vert halden open til etter skuleferien slik at alle skuleklassene kan oppleve utstillinga som del av tilbodet i «Den kulturelle skulesekken». Kunstforeninga starta opp eit treårig prosjekt i år for å kunne få til heilårsdrift og på den måten også kunne tilby aktivitetar mot skulane, ungdommen og bygdefolket heile året. Dagleg leiar vart tilsett 1. september I år.

Ei samanbinding av uteområda der ei samankobling mellom kunstuttrykk og aktivitet/leik kan koma til uttrykk, er derfor ei målsetjing for opparbeidinga av dette området.

FYSISK TILRETTELEGGING

Det er viktig å gje skuleområdet ei vakrare og meir positiv ramme enn idag. Det er drøfta tiltak saman med skuleelevane om å legge tilrette for amfiløysingar i skråning, ballbanar/-binge, grusflate som kan isleggast, terrengforming. Ballbinge vart bygd no i September og er I full bruk. Området skal elles utviklast med fokus på fysisk aktivitet.

Samarbeid med Seljord kunstforening om utsmykking av området i form av installasjonar, kunstverk, landskapskunst kan tenkast. Skape overgang frå området ved Kunstlåven og vidare inn på skuleområdet. Mogeleg uteamfi ved Kunstlåven.

August 2008 vart ny barnehage opna i Seljord. Tilkomstveg til barnehagen går mellom Kunstlåven og ungdomsskulen. I det høvet vil er det viktig å planlegge området betre, som ein trygg stad for både kunstlåvens gjester og elevar ved Seljord Ungdomsskule.

FORMIDLING, SKILTING OG MØBLERING

Tema: t.d.

Seljord og ungdommen – kva rører seg hjå Seljordungdommen idag og framover?

Seljord og kunsten – historien om Seljord Kunstforening

Innhald skal utformast i samarbeid med skulen og Kunstlåven.

Skilting og innhald skal utformast i samarbeid med skulen og Kunstlåven.

OPPLEVINGAR:

SELJORD KUNSTFORENING

Seljord kunstforening har som målsetjing og arbeidsoppgåve å vise samtidskunst for eit breiast mogeleg publikum. Dei siste tiåra har dette stort sett vore konsentrert om «sommarutstillinga» som etterkvart har opparbeidd seg ein respektert og kjend plass blant andre kunstutstillingar. Men som ein aktiv deltakar i eit levande bygdemiljø ynskjer dei å vidareutvikle drifta av laget og basere arbeidet på ei jamnare verksemd gjennom heile året. Dei ynskjer å vidareutvikle drifta ved å få til eit betre samspel og samarbeid med kunstnarar, kunsthandverkarar, kunstutøvarar, institusjonar og lag i bygda og bygdene omkring. Seljord kunstforening har utarbeidd ein egen prosjektbeskrivelse som har eige budsjett og finansieringsplan.

TILTAK

- Fysisk tilrettelegging

- Skilting og møblering
- Kunstnerisk utsmykking
- Heilårsdrift av kunstforeninga, eige utviklingsprosjekt.

Milepelar: sjå eigen kalender.

ORGANISERING

Forslag til arbeidsgruppe:

Skulane (lærarar, born og ungdom), kunstnar, landskapsarkitekt, produsent, fysioterapeut, idrettslag. Vert endeleg fastsett i slutten av februar 2009.

BUDSJETT

Fysisk tilrettelegging er budsjettert under Turveg, delprosjekt A.

Tverrkunstneriske Seljord, delprosjekt L.

Styrking av kunstforeninga har eige budsjett med finansieringsplan.

F. LOMODDOKKI

BESKRIVELSE

Lomoddokki er eit alt opparbeidd område som høyrer naturleg heime som stopp-punkt langs ein samanbindande "opplevings-turveg". Lomoddokki har ein viktig møteplass-funksjon med gangveg og sitjeplassar. Dette er det gamle sentrum (Brøles) sin sentrumspark.

Låvebrua på Lomodden var i gamal tid Brøles sin «Musikk-paviljong», heitest det. Ein stad der folk samla seg og fekk oppleve spel og dans.

FYSISK TILRETTELEGGING

Fysiske tiltak som forenklar arrangementdelen; t.d. tilretteleggjing for scenebygging, sitjeløysingar/amfi i skråningen. Bør sjåast i samanheng med Tusenårsstaden sine behov.

FORMIDLING, SKILTING OG MØBLERING

Tema: Seljord og bygdesegnene - livet på Brøles før og nå.

Bruke forteljingar frå Brøles før og nå som ramme om små spelstykke eller konsertarrangement gjennom året. Seljordspelet set opp spelstykke knytt til bygdelivsforteljingar med Lomoddokki som scene.

Formidling av stadnamna på Brøles. Skilttyper skal fylgje mal frå det overordna formidlingsprosjektet. Vegvisarar som knyter plassen til turvegen.

OPPLEVINGAR

Området kan ved særlege høve takast i bruk som grøn scene midt i sentrum der konsertar og spelstykke kan finne stad (Nattopent/Seljordsdagane i juni er alt i gang med dette).

SELJORDSDAGANE

Aktivitet og handelsdagar i Seljord knytt til natt-ope. Med ynskje om å etablere dette som eit fast tiltak.

Scene i Lommedokki og på Tusenårstaden ved kyrkja. Salsboder på Fjellheimtomti og eigne uteaktivitetar ved dei fleste butikkane.

Det vert arbeidd saman med næringskontoret for å få faste aktivitetstavler ved dei eksisterande kommunale informasjonstavlene. Bør sjåast i samanheng med det overordna formidlingsprosjektet.

Marknadsføringskanalar er: Seljordportalen, kommuneportalen, presseomtale, eiga kundeavis og annonsering i lokal og fylkesavisene.

TILTAK

- Arrangere Seljordsdagane kvart år i juni/juli. Tiltaket vart starta opp i år og arrangement gjennnomført juni 2008.
- Fysisk tilretteleggjing arrangementteknisk del.
- Formidling

ORGANISERING

Eit samarbeid mellom: Seljord Næringslag, Seljord Kommune, Seljordspelet, Seljord Kunstforening, Landstadsentret, Seljord Sokneråd og Nordigard Bjørge.

BUDSJETT OG FINANSIERING

Seljord-dagane har eige budsjett for kvart år.

Fysisk tilrettelgging er budsjettert under turvegen, delprosjekt A.

Formidling, skilting og møblering er budsjettert under formidling, skilting og møblering, delprosjekt B.

G. TUSENÅRSSTADEN

BESKRIVELSE

Området omrking Seljord kyrkje med Tremerrhaugen, Sterke-Nils steinen, middelalderkyrkjegarden, Tusenårsstaden og Seljord prestegard er eit viktig kjerneområde for den delen av Seljord sin historie som er knytt opp mot tidleg busetjing, middelalderforteljingar (t.d. Draumkvedet) og folkevisene/segnstoffet som Landstad samla inn saman med Olea Crøger.

Både Seljordspelet og Landstadinstituttet er viktige aktørar knytt til staden. Kjeldene å ause av finst her i rikt monn og området bør utviklast inspirert av desse.

FYSISK TILRETTELEGGING

Vidareutvikle Seljord sin tusenårsstad. Samarbeid med Seljordspelet om utvikling av dette som scene, konsertarena og identitetskapande parkområde (Taraldskogen, labyrinten).

Det må gjerast supplerande tiltak for skjerming av parkeringsplass og betre rammer for scenografi.

Labyrinten som var planlagt som del av tusenårsstaden den gongen denne vart vald, burde gjennomførast i ei enklare form.

Seljord Prestegard – aktuell som senter for vidareformidling av Landstad sitt arbeid.

FORMIDLING, SKILTING OG MØBLERING

Tema: Seljord og middelalderlandskapet - kyrkja på Vallarhaugen.

Landstad og Olea Crøger. Segnstoffet og folkevisene dei samla.

Ibsen og Byggmester Solnes.

Formidling av staden sin historie. Skilttyper skal fylgje mal frå det overordna formidlingsprosjektet. Vegvisarar som knyter plassen til turvegen.

OPPLEVINGAR

Vidareføring av Tusenårsstaden som arena for Seljordspelet og ramme om konsertopplevingar og arrangement knytt til kyrkje og historie. Utgangspunkt for Landstadsentret sine arrangement ligg også her, knytt til kyrkja og prestegarden.

SELJORDSPELET

Stiftinga Seljordspelet har ambisjonar om å bli ei god kulturnæring i Seljord, og dermed vere ein sentral aktør i kulturbasert næringsutvikling for Seljord og regionen. Dette er i tråd med vyane til stiftarane av Seljordspelet, og det utfyller godt satsinga Seljord kommune nå har i bygdeutviklingsprosjektet ” Seljord og sogene”.

Seljordspelet har dei siste åra opparbeidd ein god kunstnarleg plattform, men det som nå er naudsynt er å opparbeide Seljordspelet til ei god kulturnæring og eit godt reiselivsprodukt, slik at ein får tilreisande publikum. Stiftinga Seljordspelet treng å uvikle forretningsdrifta og profesjonalisere verksemda. Målet er i tillegg til å ha gode kunstnarlege produkt, å opparbeide ein god økonomi som gjev rom for ein planleggingshorisont på minimum to år. På lengre sikt vil dette gje nye arbeidsplassar til Seljord. Stiftinga Seljordspelet skal ha lokal forankring, men ha eit nasjonalt nedslagfelt.

Stiftinga Seljordspelet er i gang med tettare samarbeid både med kulturliv og næringsliv i Seljord, og dette er noko ein ynskjer å utvikle vidare. I tillegg er ein godt i gang med dialog med Telemarkreiser.

Seljordspelet har lange tradisjonar å byggje på, då Seljordspelet er det nest eldste utespelet i Noreg. Det er truleg heilt unikt med eit spel som i alle desse åra, med få unntak, er bygd på lokale segner og soger, og med våre eigne forfattarar og utøvarar.

LANDSTADSENTRET

Landstadinstituttet har gjennom mange år vore ein viktig kulturaktør i Seljord, med fokus på å formidle arven etter folkeminnesamlaren, diktaren og presten M.B. Landstad. Arrangement som Taraldsmess, historiske tidsbilete/spelstykke for å formidle lokale segner og forteljingar, «Det smakar jol», ulike typer konsertar, m.m. har gjennom mange år vore faste innslag i Seljord sitt kulturtilbod.

Arrangementa har på ein fin måte tatt i bruk landskapet og dei historiske plassane som ramme om kulturopplevingar, som t.d. bygdedagane rundt om i Seljord sine grender med tidsbilete knytt til segner og historiske personar/stader.

TILTAK

- Skjermplanting mot parkeringsplass og som bakvegg for scene.
- Planting av Taraldskogen.
- Etablering av labyrinten t.d. som bjørkeplanting.
- Tiltak knytt til arrangement-tekniske behov.

ORGANISERING

Vidareutviklast saman med Seljordspelet, Landstadsentret, kyrkjeverge, kunstnarar m.fl.

BUDSJETT OG FINANSIERING

Fysisk tilrettelegging er budsjettert under Turveg, delprosjekt A.

Formidling er budsjettert under delprosjekt B.

Arrangement og spel har eigne budsjett.

H. VALLARÅI OG BJØRGEØYAN

BESKRIVELSE

Prosjektet "Seljord og sogene" har fokus på å skape møteplassar og samlingsstadar der daglegliv, kultur, tradisjon og landskap saman skal gje bygdefolket og tilreisande særlege opplevingar.

Samstundes er gardbrukarane på Nordigard Bjørge i gang med å utvikle garden sin, med kjerneproduksjon knytt til telemarksfe, gardsturisme og kulturlandskap. Arbeidet med kulturlandskapet spenner frå formidling av mytiske landskap, med Grunningsdalen og Bjørgefjellet som nedslagsfelt, til istandsetjing av våtmarklandskap og turvegar ned mot Seljordsvatnet.

Ei samanknyting og samhandling av desse to prosjekta på det som går på samanbinding og tiltak knytt mot vatnet, vil vera ynskjeleg og naturleg for begge partar.

FYSISK TILRETTELEGGING

For turvegen trengs det ei gangbruløysing over Vallaråi. For betre vassgjennomstrøyming på Bjørgeøyan trengs det å få lagt inn ei løysing der vatn kan hentast inn frå Vallaråi. Eit felles prosjekt kan løyse fleire omsyn.

Kulturlandskapstiltak og styrking av beitelandskapet på Bjørgeøyan er viktige for å gje vakre og levande rammer om turvegopplevinga.

FORMIDLING, SKILTING OG MØBLERING

Tema: Seljord og telemarkskyri.

Formidling av samanhengar mellom fysisk kulturlandskap, småskalproduksjon og sogene om telemarkskyri. Mykje stoff er alt samla inn i regi av Nordigard Bjørge og Telemarksforsking. Sigurd Telnes har stått for mykje av innsamlinga og er igang med å skrive ut forteljingar som bør formidlast på ulike måtar; som bok, lyd og bilde/film i utstilling på garden.

Formidling av kulturlandskapet og forteljingar om telemarkskyri. Skilttyper skal fylgje mal frå det overordna formidlingsprosjektet. Vegvisarar som knyter plassen til turvegen.

Eigne turvegar i kulturlandskapet som syner fram beitelandskapet oppover Bjørgefjellet. Stoppestadar og utkikksplassar. Møblering og kikkeskåp med utssyn over bygdi. Turløype mynta på ungar knytt mot garden og dyri.

Opplevingar

Leggje tilrette for oppleving av kulturlandskap med aktiv gardsdrift. God samanheng mot badestrand og vatnet på Bjørgesanden. Fine utkikkspunkt frå det bratte beitelandskapet bak Nordigard Bjørge. Kobling mot gardsturisme, kafé og gardsdrift med småskalproduksjon knytt opp mot telemarkskyri.

Tiltak

- Gangbru over Vallaråi, frå Eventyrøy til Bjørgeøyan.
- Kulturlandskapstiltak med gangveg og mudring på Bjørgeøyan.
- Formidlingsdel knytt mot telemarkskyri.

Organisering

Vidareutviklast saman med Nordigard Bjørge, Telemarksforsking, Fylkesmannens landbruksavdeling.

Budsjett og finansiering

Fysisk tilrettelegging er budsjettert under Turveg, delprosjet A.

Formidling er budsjettert under delprosjekt B.

I. EVENTYRØY

Beskrivelse

Eventyrøy er Seljord sitt utandørs idrettsanlegg. Det ligg vakkert plassert mot vatnet. Den gamle fotballbanen ligg fint omgitt av furuskogen medan trengingsbanane ligg ute på den opne grasflata mot vatnet. Turvegen er alt bygd langs vatnet frå Ringmyri (Skutevollen) til Eventyrøy. Kobling mot Tusenårsstaden er ivaretatt i vegen opp Kyrkjejordet fram til turveg langs Vallaråi vert etablert. Småbåthavna ligg her.

I vidareutvikling av Eventyrøy er det fyrst og fremst å styrke dette som ein møteplass knytt mot vatnet som har vore fokus. Det bør lagast gode løysingar for å gje tilgang til vatnet. Anlegget som heilskap og tiltak knytt mot vatnet er synlege for dei som køyrer forbi Seljord på hovedvegen.

Fysisk tilrettelegging

Arbeidet med kva som skal inn av konkrete tiltak er på idéstadiet og må drøftast i den arbeidsgruppa som vert sett ned.

Idéar som har vore nemnt er stupeskulptur eller vass-skulptur ute i vatnet, ljossetting som er synleg frå hovudvegen, trapp ned i vatnet for opphald, soling, sitting. Tilrettelegging for grilling.

FORMIDLING, SKILTING OG MØBLERING

Tema: møteplass for ungdom knytt mot vatnet.

Blikkfang frå hovudvegen inn mot kyrkja og idrettsanlegget. Viktig visuelt punkt i forhold til hovudvegen og foripasserande. Formidling av staden sin historie. Skilttyper skal fylgje mal frå det overordna formidlingsprosjektet. Vegvisarar som knyter plassen til turvegen.

OPPLEVINGAR

Utsyn over vatnet. Idrettsarrangement. Tilfeldige møte. Småbåtliv.

TILTAK

- Nedsetjing av arbeidsgruppe
- Utarbeide kravspesifikasjon
- Fysisk tilrettelegg,ing
- Møblering
- Skilting

ORGANISERING

Vidareutviklast saman med ungdommen; via idrettslag og ungdomsråd?

BUDSJETT OG FINANSIERING

Fysisk tilrettelegging er budsjettert under Turveg, delprosjekt A.

Formidling er budsjettert under delprosjekt B.

J. VATNET OG SJØORMEN

BESKRIVELSE

Skape eit attraksjonsprosjekt som skal formidle historiane knytt mot vatnet, både om sjøormen og om andre element og fenomen. Forteljingane om Sjøormen er tatt vare på gjennom muntleg tradisjon og er bare delvis nedskrivne. Det finst også nokre teikningar - og frå moderne tid fotografi. Det er forteljingane, ikkje bildematerialet, som har bore historien om Sjøormen. Dette delprosjektet har ein eigen prosjektbeskrivelse.

KUNSTPRODUKSJON

Bruke landskapskunst/ samtidskunst for å formidle soga om sjøormen.

Velje ut viktige utsynspunkt og stoppestader rundt vatnet.

SJØORMSPEL FOR BORN

Seljordspelet vil utvikle og setje opp ei familiforestilling som dramatiserar soga om Sjøormen. Spelplass blir nede ved vatnet.

SOGEKART

Det vert utarbeida eit kart over vatnet om området rundt vatnet, som tek opp I seg alle vitneobservasjonane og sogene I landskapet rundt. Samt alle kulturminne og nye kunstproduksjonar. Sogekartet skal bli interaktivt på nettsida etter kvart.

FYSISK TILRETTELEGGJING

Tilkomst og tilrettelegging av stopp-punkt/utsynspunkt langs vatnet. Parkering og gangtilkomst. Grunneigaravklaringar.

FORMIDLING

Tema: Sjøormen og vatnet

Formidle historiane knytt mot vatnet, både om sjøormen og om andre element og fenomen. Kulturhistoriske spor rundt vatnet; bergmåling på Bruredynni, skålgropsteinar i Vefall Brekke, kulturlandskap i Brekkegrendi, kopling til Ballongfararsteinen og Lifjell, kobling til Seljordhei og Trollebotnen, Gagnås med segnmaterialet, Sjøormsogene m.m.

Me kan tenke oss plakater som fortel historia i tekst, og lydopptak med bygdefolk. Slike lydfiler kan vere tilgjengelige på utkikkspunkt med radiosendarar med kort rekkevidde, der publikum brukar sin mobiltelefon for å koble seg på. Ein radiosending vil kanskje i sterkare grad gje truverd og føling av autensitet – dette har særleg tydning når det gjeld Sjøormhistoriane.

Slike radiosendingar kan også vere tilgjengleg for bilistar langs vegen. Her kan det vere lengre sendingar som går i kontinuerleg slynge. Det kan plasserast skilt ved innfartsårene som syner radiofrekvens for “Seljord og sogene”.

Lydfilene som brukast i radiosendingar kan også leggjast ut på nettsider. Dei kan også lastast ned til mobiltelefon – enten fra nettside eller på plassen ute i naturen.

Formidling av historiar om Seljordsvatnet og Sjøormen. Skilttyper skal fylgje mal frå det overordna formidlingsprosjektet. Stadnamna. Kart og info om vatnet. Kikkertpunkt.

OPPLEVINGAR

Bruke landskapskunst/ samtidskunst for å formidle soga om sjøormen.

TILTAK

- Internasjonalisering
- Kunstproduksjon
- Sjøormspel for born
- Sogekart
- Formidling, skilting og møblering
- Fysisk tilrettelegging

ORGANISERING

Vidareutviklast saman med fylkeskommunens interreg.prosjekt, Seljord kunstforening, utvalde kunstnarar, m.fl.

BUDSJETT OG FINANSIERING

Sjøormprosjektet har eit budsjett på kr. 2 940 000,-

Dette er ca. kosnadsrammer før pris er innhenta.

Delprosjektet finansierast via "Seljord og sogene" og Interreg.

K. STOPPESTADEN

BESKRIVELSE

Kva er det som får folk til å stoppe i Seljord? Stoppar tilfeldig forbipasserande av andre grunnar enn å fylle bensin og kjøpe «pylsur»? Dei som alt kjenner Seljord skal kanskje hit likevel. Dei veit om arrangement på Dyrskuplassen eller Sommarutstillinga eller kappleik på Granvin eller fotballkamp på Eventyrøy eller Seljordspel på Tusenårsstaden.

Men dei som bare er på veg forbi. Korleis kan vi få dei til å stoppe?

Det må arbeidast kritisk og seriøst med alternative måtar å skape stopp-effekt på. Stoppestaden vert innarbeidd som ein del av det tverrkunstneriske prosjektet.

FYSISK TILRETTELEGGING

Det må arbeidast med det visuelle vegbildet og siktsoner. At det er ein eintydig og tiltalande veg inn til sentrum er viktig. At det er stopp-effekt i landskap og bebyggelse i kryssområdet. At noko skiljer seg ut og markerar at nettopp dette er avkøyringa til Seljord.

FORMIDLING

Skulptur-kyrne til Trygve Barstad står her og markerar avkøyringa. Det vil vera hensiktsmessig å bruke samtidskunst vidare for å markere og formidle stoppestaden. Det er viktig at dette blir gjort på ein sprek og iaugnefallande mate.

OPPLEVINGAR

Stopp-effekt - få lyst til å stoppe...

TILTAK

- Ingrid Slettens veg – opprusting med trerekker og tosidige natursteinsmurar.
- Tussejuvbekken – steinsetting og terskelbygging.
- Få opp eit fysisk kunstelement som skaper stoppeffekt.
- Landskapskunst – arbeide med store terrengformer eller med ljossetting, t.d. i det indre bassenget omkring Skutevollen.

Milepelar: sjå eigen kalender.

ORGANISERING

Arbeidsgruppa vil vere den same som i det tverrkunstneriske prosjektet og vert fastsett i slutten av februar.

BUDSJETT OG FINANSIERING

Fysiske tilrettelegging er ein del av totalpakka under Turveg, delprosjekt A.

Stoppeffekten/kunstprosjekt er budsjttert under Tverrkunstneriske Seljord, delprosjekt L.

L. TVERRKUNSTNERISKE SELJORD

BESKRIVELSE

Utvikle og gjennomføre eit tverrkunstnerisk prosjekt som vert bygd opp rundt det å etablere og ta i bruk turvegen. Hovudmålet med prosjektet er å utvikle opplevelsespunkta knytt til turvegen. Prosjektet skal gå over ein 4 års periode, slik at kunstnarane som er med i prosjektet kan utvikle opplevinga over tid og i samspel med bygdefolk og lokale aktørar. Aktuelle aktørar som skal vera med i prosjektet er Seljord kunstforening, Granvin, Seljordspelet, lag og foreningar, Dyrskun, lokale kunstnarar og utøvarar. Og 3-4 eksterne kunstnarar.

Delprosjektet skal også fungere som eit utviklingsprosjekt for kunstaktørane i Seljord, slik at dei via dette prosjektet kan profesjonalisere drifta.

KUNST I UTEROM

Det skal utviklast eit kunstneriskplattform/utgangspunkt for kunst i uterom langs turvegen. Gjennomføringa av kunstproduksjonen skal gjennomførast i samspel med den fysiske tilrettelegginga på turvegen. Noko skal produserast i 2009.

FOTO OG LYD PÅ TURVEGEN

Fotokunst, lyd og musikk som materialiserer seg på Stoppestaden og rundt på turvegen:
eit foto og lydprosjekt som skal ha fokusområde på Stoppestaden og utvalgte stader rundt turvegen. Med avduking og konsertarrangement i 2010.

TVERRKUNSTNERISK TURVEG VANDRING

Eit fleire dagars program der heile turvegen blir tatt i bruk, med mange kunstneriske uttrykk. Der lokale krefter, lag og foreningar er medprodusentar, i 2011.

SOGEKART

Det vert utarbeida eit sogekart knytt til sentrum og turvegen, der sogene vert avmerkt på kartet. Eksempelvis; soga om Steke- Nils steinen, Guro Lomodden osb.

FORMIDLING/MARKNADSFØRING/PROFILERING

Tverrkunstneriske Seljord vil vera sentralt inn i formidlingsdelen av «Seljord og sogene», både gjennom trykksaker, på skilt, på web og i ”den kulturelle skulesekken”.

Prosjektet vil nyttast direkte inn i profilerings- og marknadsføringa av Seljord. Prosjektet skal skape attraksjon!

Det vil vera naudsynt med ei god webside som kan presentere turvegen og opplevingspunkta rundt turvegen.

TILTAK

- Nedsetjing av arbeidsgruppe
- Utarbeide kravspeifikasjon / oppdrag.
- Få på plass kunstnarar til ulike delar
- Kunst i uterom
- Fotokunstprosjekt med konsert/ «event» - Stoppestaden m.m.
- TURVEG-vandring med innhald - planlegging
- TURVEG-vandring med innhald - gjennomføring
- Dokumentasjon - fortløpande.

Milepelar: sjå eigen kalender.

ORGANISERING

Seljord kunstforening og andre kunst og kulturaktørar vil vera sentrale aktørar i delprosjektet.

BUDSJETT OG FINANSIERING

Det tverrkunstneriske prosjektet har eit budsjett på kr. 1 700 000,-

Dette er ca. kosnadsrammer før pris er innhenta.

Finansiering via "Seljord og sogene", Seljord kunstforening, Seljordspelet og andre.

M. MARKNADSFØRING

BESKRIVELSE

Opparbeide «strategisk marknadsføring» i marknadsføringa i Seljord. Det handlar om å utvikle fokuset på service og kunderelasjonar. Bedrifter og verksemder opererar i marknadar der dei har relasjonar til kundane sine, som vert utvikla over tid. Relasjonane gjev viktige premiss for kundens kjøp av varer og tenester. Evna til å forvalte og optimalisere relasjonane i kundeporteføljа, gjennom auka kundetilfredshet og betra økonomi er avgjerande kompetanse.

WEB

Det er viktig å opparbeide ei funksjonell og god webside for "Seljord og sogene". Som i møtekjem dei behova som ein har I dette prosjektet og delprosjekta. Eksempelvis; engelsk utgåve, Sjøormklubb og formidling av sogematerialet og sogekarta.

TILTAK

- Utvikle arbeid med strategisk marknadsføring, der kundar/publikum vert delt inn i segment: festivalfolket, hyttefolket, turistar/tilreisande, handlande frå Vest-Telemark, kurs/konferanse (som igjen må segmenterast), stoppestaden. Utvikle kommunikasjons- og marknadsføringsstrategiar for dei ulike segmenta og utvikle relasjonar til dei ulike segmenta, med bakgrunn i ei marknadsundersøking. Utvikle bruken av teknologi i dette arbeidet.

- Utvikle webportalen for Seljord. Med god presentasjon av Seljord med bilde, film med meir. Med god funksjonalitet, segmentering av kundar innafor ulike tilbod, online booking med meir.
- Utvikle kurs- og konferansepakker med kulturinnhald og marknadsføring for dette.
- Utvikle felles tiltak for reiselivsnæringa.
- Utvikle felles tiltak for kulturnæringar.
- Produsere eit omfattande magasin der Seljord vert presentert via prosjekta.
- Produsere ein DVD der Seljord vert presentert via prosjekta. Ei type dokumentar som tek opp i seg dei møta, produksjonane og opplevingane som vert generert via prosjektet.
- Produsere effekter med utgangspunkt i prosjektet.

Organisering

Ein sentral aktør i marknadsføringa av Seljord er Møtestad Seljord.

Budsjett og finansiering

Marknadsføring har eit budsjett på kr. 450 000,-

Dette er ca. kosnadsrammer før pris er innhenta.

7. Dokumentasjon

Prosjektet skal dokumenterast godt undervegs. Dette vil vere ein viktig del av dokumentasjonen inn i formidlingsdelen av prosjektet og i presentasjon av metoden/modellen. Dokumentasjonen er tenkt som både film, bilete og lyd.

Dokumentasjon har eit budsjett på kr. 300 000,-

8. OM AKTØRANE I PROSJEKTET

SELJORD KOMMUNE

Seljord kommune er prosjekteigar og prosjektleiar for det kulturbarte stadutviklingsprosjektet "Seljord og sogene".

Kontaktperson: plan- og næringssjef Harriet Slaaen

www.seljord.kommune.no

SELJORD KUNSTFORENING

Seljord kunstforening er i gang med heilårsdrift, og utvikling av drifta på Kunstlåven. Kunstforeninga er ein aktiv og viktig aktør i Seljords kulturliv og i "Seljord og sogene", spesielt i delprosjekta "Vatnet og Sjøormen" og "Tverrkunstneriske Seljord".

Kontaktperson: daglig leiar/intendant Thomas Kintel.

www.seljordkunstforening.no

STIFTINGA SELJORDSPELET

Stiftinga Seljordspelet er i gang med arbeidet for å bli ei kulturnæring på scenekunst- og spelfeltet i regionen. Seljordspelet er ein viktig aktør i Seljords kulturliv og "Seljord og sogene", spesielt knytt til delprosjekta "Vatnet og Sjøormen" og "Tverrkunstneriske Seljord".

Kontaktperson: Gunn Marit Christenson

www.seljordspelet.no

GRANVIN

Granvin er eit regionalt kulturhus, og ein viktig arena for formidling av kulturuttrykk. Granvin er ein viktig møteplass, og kan huse kurs og koneransar. Granvin er også ein arena for prøver i produksjonar. I "Seljord og sogene" er Granvin ein viktig aktør i hove møter, presentasjonar, kurs, konferansar og forestillingar. I tillegg er Granvin ein av dei viktige identitessakapnde plassane på turvegen.

Kontaktperson: Randi Nordskog

www.granvin.no

LANDSTADSENTRET

Landsatadsentret blei etablert i 2008, etter ein lengre periode som Landsatdinstituttet. Landsatdsentret forvaltar og formidlar arven etter Landstad, som inneheld ein lang rekke av ulikt sogemateriale.

Kontaktperson: Rune Lia

DYRSKU'N ARRANGEMENT

Dyrsku'n er arrangement driftar ulike arrangement på Dyrskuplassen. Blandt anna Dyrsku'n, Jolemarknad, Bruktmarknad og Småskalaproduksjon. Dei leiger og ut plassen til andre arrangement, som eksempelvis festivalane. Dyrskuplassen er ein av dei identitetskapane stadene på turvegen i "Seljord og sogene", og er ein viktig aktør i Seljord som marknadsplass, og i marknadsføringa av Seljord. Det er ca 70 000 besøkande på Dyrsku'n kvart år.

Kontaktperson: Henry Mæland

www.dyrskun.no

FESTIVALANE

Seljordfestivalen AS

Vart fyrste gong arrangera i 2001 med stor suksess, i 2008 hadde me over 20000 betalande gjester. Seljordfestivalen er ein danse- og musikkfestival med eit vaksent publikum. Festivalen arrangerast frå onsdag til sundag kvart år i veke 27 på Dyrskuplassen i Seljord, som kanskje er landets flottaste arrangement stad. Seljordfestivalen er ein av Noregs største dansefestivalar.

Countryfestivalen Seljord AS

Nordens største countryfestival, som vart arrangera for 10. gong i 2008, med heile 32000 betalande gjester.
Festivalen arrangerast kvart år frå onsdag til sundag i veke 30 på Dyrskuplassen i Seljord, som kanskje er landets flottaste arrangement stad.
Festivalområdet har kapasitet til om lag 4000 campingeiningar, og det er ein stor campingplass.

Kontaktperson: Kunt Inge Skoland

www.seljordfestivalen.no og www.countryfestivalen.no/seljord/

MØTESTAD SELJORD

Møtestad Seljord er eit samarbeidsselskap mellom Seljord Næringslag, Dyrsku`n Arrangement as og Seljord kommune som skal synleggjera og profilere næringslivet I Seljord, og Seljord som arrangementstad.

Selskapet driv turistinformasjon på heilårsbasis i klasse 1.

Kontaktperson: Elisabeth Rett

www.seljordportalen.no

SELJORD NÆRINGSLAG

Seljord Næringslag har til formål å samle næringsdrivande innan handel, handverk, industri, tenesteyting og reiseliv i Seljord kommune for å fremje saker til gang for medlemane innan kommunen. Seljord Næringslag er opptekne av å utvikle staden og bygda si. Dei er aktivt med i "Seljord og sogene", både på finansieringssida og på tiltakssida.

Kontaktperson: Birger Teigen.

FESTE LANDSKAPSARKITEKTER

Feste landskapsarkitekter har utvikla "Seljord og sogene" på oppdrag frå og i samarbeid med Seljord kommune, kultur og næringsaktørar I Seljord. Med bakgrunn I "Kulturmagneten" og med tiltak retta inn mot kulturbasert stadutvikling.

Konatktperson: Tone Telnes.

www.feste.no

SPRINGER KULTURSTUDIO

Springer kulturstudio har utvikla "Seljord og sogene" på oppdrag frå og i samarbeid med Seljord kommune, kultur og næringsaktørar I Seljord. Med bakgrunn I "Kulturmagneten" og med tiltak retta inn mot kulturbasert stadutvikling.

Kontaktperson: Gunn Marit Christenson.

www.kulturstudio.no

TELEMARKSFORSKING

Telemarksforsking har gjort analysa på dei besøkande til Seljord; "Kulturmagneten", på oppdrag frå Seljord kommune, Dyrsku'n, Festivalane, Seljord næringslag m.fl. I "Kulturmagneten" anbefalar Telemarksforking Seljord å gå for "attraksjonsstrategien", og igangsette tiltak som utviklar kulturtilboda. "Seljord og sogene" er tiltakspakka på "attraksjonsstrategien".

Konatktperson: Knut Vareide.

www.telemarksforsking.no

TELEMARK FYLKESKOMMUNE

Telemark fylkeskommune er aktivt med i "Seljord og sogene" some in utviklingsaktør, både på kultursida og med regional utvikling.

Kontaktperson: Lene Hennum

www.telemark-fk.no

9. VEDLEGG 1: ”SELJORD OG SOGENE” KART

10. VEDLEGG 2: “VATNET OG SJØORMEN” PROSJEKTBESKRIVELSE

11. VEDLEGG 3: “VATNET OG SJØORMEN” KART

12. VEDLEGG 4: FORPROSJEKT INTERREG

13. VEDLEGG 5: WORKSHOP 2009

14. VEDLEGG 6: KULTURMAGNETEN

SELJORD KOMMUNE

Vedlegg 4, oversikt over folketalsutviklinga 2005 - 2008

Pr 1.1.


	2005	2006	2007	2008
	Personer	Personer	Personer	Personer
0828 Seljord	2919	2912	2933	2930
Menn	1463	1463	1458	1451
Kvinner	1456	1449	1475	1479

SELJORD KOMMUNE

Vedlegg 4, oversikt over handelsutvikling 2006 - 2007

Terminvis omsetningsstatistikk. Omsetning næring 52

		Januar - desember 2006			Januar - desember 2007		
		Ant. innb.	I alt Tusen kr.	Pr. innb. Kroner	Ant. innb.	I alt Tusen kr.	Pr. innb. Kroner
	Landet	**4 640 219**	**295 272 667**	**63 633**	**4 681 134**	**319 871 595**	**68 332**
	Telemark	**166 140**	**9 898 887**	**59 582**	**166 170**	**10 705 982**	**64 428**
0805	Porsgrunn	33 550	2 261 759	67 415	33 977	2 412 687	71 009
0806	Skien	50 761	3 100 601	61 082	50 696	3 444 107	67 936
0807	Notodden	12 314	810 053	65 783	12 221	873 336	71 462
0811	Siljan	2 362	27 343	11 576	2 362	28 109	11 901
0814	Bamble	14 104	780 982	55 373	14 061	849 882	60 443
0815	Kragerø	10 477	771 356	73 624	10 481	817 648	78 012
0817	Drangedal	4 163	128 905	30 964	4 136	141 110	34 118
0819	Nome	6 571	234 022	35 614	6 576	247 059	37 570
0821	Bø	5 307	521 643	98 293	5 333	545 498	102 287
0822	Sauherad	4 291	73 985	17 242	4 277	74 636	17 451
0826	Tinn	6 247	328 858	52 643	6 120	341 500	55 801
0827	Hjartdal	1 619	48 599	30 018	1 619	55 172	34 078
0828	**Seljord**	**2 912**	**294 321**	**101 072**	**2 933**	**326 855**	**111 441**
0829	Kviteseid	2 575	128 929	50 070	2 542	131 868	51 876
0830	Nissedal	1 407	65 434	46 506	1 375	69 504	50 548
0831	Fyresdal	1 369	36 827	26 901	1 363	37 573	27 566
0833	Tokke	2 417	64 280	26 595	2 414	66 350	27 486
0834	Vinje	3 694	220 990	59 824	3 684	243 088	65 985



Sysselsetting Seljord fram mot 2012

Generelt om Telemark

Takten i den norske økonomien har endret seg, og utviklingen i sysselsettingen forventes å endre seg fra de senere år. Fra utgangen av 2003 har sysselsettingen i fylket økt for hvert år, og den ligger på et rekordhøyt nivå ved utgangen av 2007.

Allerede etter årsskiftet 2007-2008 merket bedrifter innen bygg og anlegg i Telemark en reduksjon i oppdragsmengden. Reduksjonen i aktiviteten har bare fortsatt utover året. For industrien har 2008 vært et år preget av endringer, spesielt etter at finanskrisen slo til på høsten. Flere bedrifter har sett seg nødt til å legge ned produksjonen, mens andre har tydd til permitteringer. At enkelte store bedrifter, for eksempel REC, har lagt planer om nyetablering og andre investeringer på is, har ført til ytterligere usikkerhet i næringslivet i Telemark. Mye av dette kan tillegges finanskrisen og problemer på kredittmarkedet. På den andre siden melder bedrifter også om økt oppdragsmengde og problemer med å rekruttere kvalifisert arbeidskraft. Vi tror imidlertid at antall bedrifter som melder om dette vil reduseres betraktelig i året som kommer. I tillegg til problemer for store deler av private sektor, har også offentlig sektor blitt påvirket av nedgangskonjunkturen. Kommunene melder om kutt i stillinger innenfor både undervisning og helse.

Vi tror den gjennomsnittlige sysselsettingen for 2008 vil øke i forhold til fjoråret, men dette er et resultat av høy sysselsetting ved inngangen av året. Videre tror vi den gjennomsnittlige sysselsettingen i 2009 vil bli redusert både i forhold til 2008 og 2007. Reduksjonen vil bli størst innen bygg og anlegg og industrien, med henholdsvis 6 prosent

og 4 prosent. Innen industrien antar vi størst reduksjon innen trevarer, petroleum og kjemiske produkter, treforedling og grafisk produksjon og maskiner og transportmidler.

	Gjennomsnitt 2007	Prognose 2008	Prognose 2009
Jordbruk, skogbruk og fiske	2 088	2 000	2 000
Bergverksdrift, olje- og gassutvinning, kraft og vannforsyning	2 272	2 393	2 400
Industri:	**11 777**	**11 370**	**10 900**
Nærings- og nytelsesmidler	841	821	800
Tekstil- og lærvarer	167	144	140
Trevarer	484	470	435
Treforedling og grafisk produksjon	922	825	780
Petroleums- og kjemiske produkter	3 063	2 565	2 400
Metallprodukter	1 615	1 615	1 540
Maskiner og transportmidler	2 228	2 447	2 325
Elektriske produkter	1 297	1 345	1 340
Annen industriproduksjon	1 162	1 139	1 140
Bygge- og anleggsvirk.	7 176	7 156	6 750
Varehandel med mer	11 899	12 332	12 100
Hotell- og restaurantvirksomhet	2 553	2 657	2 625
Transport	3 347	3 427	3 400
Kommunikasjon	976	988	990
Finansiell tjenesteyting med mer	892	909	875
Eiendomsdrift, forretningsmessig tjenesteyting med mer	7 621	8 047	7 900
Offentlig forvaltning	4 891	4 976	5 025
Undervisning	5 902	5 970	6 000
Helse- og sosialtjenester	17 251	17 477	17 500
Andre sos. og personlig tjenester	3 159	3 257	3 325
Uoppgitt	465	423	420
Sum sysselsatte i Telemark	**82 265**	**83 377**	**82 210**

Opp- og nedkonjunkturer i økonomien kommer med jevne mellomrom, vanligvis går det 4-5 år mellom en høykonjunktur og en lavkonjunktur. Det er dermed naturlig å anta at fortsatt vil være i en lavkonjunktur i 2012, men at markedet etter dette stadig vil bli bedre.

Seljord

Hva skiller Seljord ut fra resten av fylket?
Lite industri
Mye varehandel
Mye transport/kommunikasjon
Noe mer offentlig forvaltning, men mindre helse og sosial

Innen industri vil det være tilfeldigheter som spiller mest inn på sysselsettingen fram mot 2012. Generelt blir sysselsettingen innen industrien redusert for hvert år, men oppstart eller nedleggelse av enkelbedrifter vil ha størst betydning for utviklingen i sysselsettingen i Seljord de neste årene.

Varehandel har økt mye de senere år, men man forventer nå at denne veksten vil stanse. Det er derimot ulike prognoser for ulik type varehandel. Man kan tenke seg at handel

med kapitalkrevende varer vil bli redusert, mens salg av andre varer vil muligens øke. Det kommer an på om folk velger å spare penger eller å handle billigere/mindre varer.


Kommuneøkonomien påvirker sysselsettingen i offentlig sektor. Det er likevel viktig å huske på at befolkningen blir eldre og tjenestebehovet dermed øker, og at det kan bli vanskelig å redusere bemanningen innen helse. Innen offentlig administrasjon regner man på landsbasis med en økning.

Kilde: NAV

Tabell 1. Camping og hyttegrender. Marked etter gjestenes nasjonalitet. Kommuner
Antall overnattinger og markedsandel. Sommersesongen juni-august. 2000-2008

Velg kommune	Velg marked	År	Antall	Markedsandel		
				I eget	I egen	På
i celle C10	i celle D10		over-	fylke	landsdel	landsbasis
			nattinger	Prosent	Prosent	Prosent
Velg kommune	**Velg marked**					
08 Seljord	.I alt	2000	38 069	11,3	2,5	0,71
08 Seljord	.I alt	2001	48 962	15,6	3,2	0,90
08 Seljord	.I alt	2002	62 995	19,4	4,1	1,12
08 Seljord	.I alt	2003	59 155	17,9	3,8	1,03
08 Seljord	.I alt	2004	37 597	11,1	2,3	0,64
08 Seljord	.I alt	2005	33 600	10,6	2,0	0,57
08 Seljord	.I alt	2006	33 286	9,9	1,9	0,53
08 Seljord	.I alt	2007	29 300	9,4	1,7	0,47
08 Seljord	.I alt	2008	35 140	12,0	2,1	0,55

Kilde: Statistisk sentralbyrå <><> Bearbeiding: Statistikknett



Tabell 2. Camping og hyttegrender. Overnattinger etter gjestenes nasjonalitet. Kommuner
Antall overnattinger. Sommersesongen juni-august. 2004-2008

Velg kommune i celle C10		Camping og hyttegrender - marked etter nasjonalitet Juni-august. 2004-2008					
		Antall overnattinger					Endring fra 2004 til 2008 %
		2004	2005	2006	2007	2008	
Velg kommune	**Marked**						
08 Seljord	.I alt	37 597	33 600	33 286	29 300	35 140	-6,5
08 Seljord	.Nordmenn	33 514	28 710	28 139	25 436	30 137	-10,1
08 Seljord	.Utlendinge	4 083	4 890	5 147	3 864	5 003	22,5
08 Seljord	Sverige	342	349	253	198	411	20,2
08 Seljord	Danmark	399	558	506	416	1 077	169,9
08 Seljord	Finland	81	55	58	33	63	-22,2
08 Seljord	Storbritanni	54	50	75	57	60	11,1
08 Seljord	Nederland	645	1 057	974	853	941	45,9
08 Seljord	Tyskland	2 186	2 157	2 727	1 906	1 974	-9,7
08 Seljord	Frankrike	75	223	257	75	84	12,0
08 Seljord	Spania	15	19	6	8	24	60,0
08 Seljord	Sveits	48	29	78	111	102	112,5
08 Seljord	Italia	39	57	27	36	24	-38,5
08 Seljord	USA	3	6	6	0	3	0,0
08 Seljord	Japan	0	0	0	6	0	. .

Kilde: Statistisk sentralbyrå <><> Bearbeiding: Statistikknett

Tabell 3. Camping og hyttegrender. Overnattinger etter gjestenes nasjonalitet. Kommuner
Markedsandel i eget fylke. Sommersesongen juni-august. 2004-2008. Prosent

Velg kommune i celle C10		Kommunenes markedsandel i eget fylke. Prosent Juni-august. 2004-2008					
		Markedsandel i prosent					Endring fra 2004 til 2008 %-poeng
		2004	2005	2006	2007	2008	
Velg kommune	**Marked**						
08 Seljord	.I alt	11,1	10,6	9,9	9,4	12,0	0,9
08 Seljord	.Nordmenn	12,3	11,7	10,7	10,6	13,5	1,2
08 Seljord	.Utlendinge	6,1	6,7	7,0	5,3	7,2	1,1
08 Seljord	Sverige	7,3	6,2	5,9	4,7	9,1	1,8
08 Seljord	Danmark	3,1	4,0	3,6	3,5	8,2	5,1
08 Seljord	Finland	12,1	10,5	8,8	1,5	10,2	-1,9
08 Seljord	Storbritanni	7,1	6,4	5,9	5,8	6,2	-0,9
08 Seljord	Nederland	3,0	4,7	3,6	3,3	4,0	1,0
08 Seljord	Tyskland	10,3	8,9	12,9	9,3	9,6	-0,8
08 Seljord	Frankrike	7,6	27,1	30,9	8,7	8,4	0,8
08 Seljord	Spania	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
08 Seljord	Sveits	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
08 Seljord	Italia	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
08 Seljord	USA	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
08 Seljord	Japan	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0

Kilde: Statistisk sentralbyrå <><> Bearbeiding: Statistikknett

Seljord kommune

Arkiv:	033
Saksnr.:	2009/322-1
Sakshand.:	Kristian Torp-Hansen
Direkte tlf.:	35065103
Dato:	14.04.2009

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	22/09	23.04.2009

Val av representant til styret i Vest-Telemark Kraftlag AS.

Saksdokument: Vedtekter for Vest-Telemark Kraftlag AS.

Saksutgreiing:

Etter § 5 i "Vedtekter for Vest-Telemark Kraftlag AS" vel generalforsamlinga 6 styremedlemer med personlege varamedlemer. Medlemene blir valde for 2 år. Varamedlemene blir valde for 1 år.
Seljord kommune sitt medlem i styret i Vest-Telemark Kraftlag og varamedlem er på val ved generalforsamlinga i selskapet i 2009.

Styremedlem frå Seljord kommune er nå Eivind Skogheim med Kristoffer Hoff som varamedlem.

Rådmannen si tilråding:

Saka blir lagt fram utan tilråding.

Utskrift til:

Seljord kommune

Arkiv:	033
Saksnr.:	2008/339-4
Sakshand.:	Kristian Torp-Hansen
Direkte tlf.:	35065103
Dato:	04.04.2009

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	23/09	23.04.2009

Val til styret for stiftinga Seljordutstillinga Dyrsku'n og styret for Dyrsku'n Arrangement AS

Saksdokument: Vedtekter for stiftinga Seljordutstillinga Dyrsku'n

Saksutgreiing:

Formannskapet valde i sak nr. 69/08, etter delegert fullmakt frå kommunestyret – jf kommunestyresak nr. 19/08, representantar frå Seljord kommune til styret for stiftinga Seljordutstillinga Dyrsku'n og styret for Dyrsku'n Arrangement AS. Fylgjande blei valt:

- Stig Høgetveit, styremedlem valt for 2 år.
- Aud Jonskås, styremedlem valt for 1 år.
- Arvid Vala, varamedlem til styret valt for 2 år.

Aud Jonskås blei i 2008 valt for eitt år pga. suppleringsval for Henry Mæland, som gjekk ut av styret eitt år før tida då han blei tilsett som dagleg leiar for stiftinga Seljordutstillinga Dyrsku'n og Dyrsku'n Arrangement AS.

Seljord kommune skal velje ein representant til styret for 2 år.

I § 5 i vedtektene for stiftinga Seljordutstillinga Dyrsku'n står det m.a.:

"Funksjonstida for styremedlemmer og varamenn er to år og desse kan attveljast, likevel ikkje for meir enn tre periodar om gongen."

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen legg fram saka utan tilråding.

Utskrift til: